

ÅRSmelding 2021

Fjaler kommune

Innhald

1 Innleiing	2
1.1 Kommunedirektøren sin oppsummering av driftsåret.....	2
1.2 Føremålet med årsmeldinga.....	3
1.3 Organisering	3
1.4 Kvalitet og internkontroll	5
2.3 Befolkningsutvikling	7
2.4 Sysselsetting	8
2.5 Klima og Miljø.....	9
3 Likestilling og inkluderande arbeidsliv	13
4 Økonomi	19
4.1 Netto driftsresultat.....	19
4.2 Løn i % av brutto driftsinntekter	20
4.3 Langsiktig gjeld	20
4.4 Disposisjonsfond.....	21
4.5 Rekneskapsprinsipp.....	22
4.7 Driftsoversikt	23
4.8 Driftsinntekter	24
4.9 Driftsutgifter.....	24
4.10 Finanstransaksjonar	26
4.11 Investering	27
4.12 Gjeld og utlån	27
5 Oppvekst.....	29
6 Helse og omsorg	36
7 Tekniske tenester	44
8 Fellestenester, administrasjon og landbruk	47
9 Kultur og Samfunnsutvikling.....	51

1 Innleiing

1.1 Kommunedirektøren sin oppsummering av driftsåret

Også 2021 vart prega av koronasituasjonen der pandemien fekk relativt store konsekvensar for arbeid og tenesteyting i Fjaler kommune.

Sjølv om pandemien har vore ei stor belastning for mange, har den også fått fram det beste i organisasjonen og medarbeidarar. Tilsette har fått og teke meiransvar, og oppgåvene er blitt løyst på gode måtar.

Vi har hatt høg beredskap gjennom heile året der oppgåva har vore å jobbe med førebyggande tiltak, vaksinering, førebu oss på smitteutbrot og på same tid halde oppe tenesteapparatet for å yte gode tenester og ta i vare innbyggjarane på best mogleg måte.

Først på slutten av året fekk vi større smitteutbrot i Fjaler og var nøydd å stenge skular og barnehagar pga sjukefråver og mangel på personale.

Den positive sida av pandemien er at vi har gjort digitale framsteg med bruk av fjernmøte, heimekontor og digital undervisning. Dei digitale løysingane har i det store og heile fungert godt, og mykje av det vi har lært vil vi også ha nytte av i framtida.

Fjaler kommune har gjennom fleire år hatt eit stabilt folketal og med ein liten auke siste åra. Saman med eit aktivt næringsliv ligg det til rette for å kunne få til ei positiv folketalsutvikling framover. Difor vart det sett i gang ein prosess der ein saman med FNU ser på korleis vi best mogeleg skal organisere næringsarbeidet i framtida. Næringsarbeid er ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunen, men likevel svært viktig for å legge til rette for utvikling og vekst.

Eit høgdepunkt i 2021 var opning av Dingemoen skule. Ein lang prosess knytt til lokalisering av den nye skulen, planlegging og prosjektering, bygging og innflytting kunne endeleg markerast med flott opningsfest den 16. september. Å bygge ny skule er eit tungt økonomisk løft for kommunen. Då er det gledeleg at prosjektet er godt gjennomført med tanke på tidsplan og økonomi.

Gode oppvekstvilkår for ungane med gode barnehagar, skular og gode fritidstilbod gjer ungane til gode ambassadørar for heimkommunen når dei reiser vekk for vidareutdanning.

Kommuneplanarbeidet vart ein mykje tyngre prosess enn forventa. Det har vore mange møter og innspel og ikkje minst har merknadane frå Statsforvaltaren vore tunge saker å jobbe med.

Det økonomiske resultatet for 2021 vart 8,3 mill. Det positive resultatet skuldast m.a høgre skatteinntekter enn forventa.

Netto driftsresultat vart Oppvekst, Helse og omsorg og Teknisk hadde alle eit meirforbruk. Framover må vi jobbe med å redusere driftsnivået og tilpasse og eit lågare kostnadsnivå.

Kommunedirektøren takkar tilsette for svært god innsats i 2021. Eit år som har bygd på store utfordringar og oppgåver.

Då er det motiverande og kjekt å sjå at tilsette strekker seg langt for å gjere ein ekstra innsats.

1.2 Føremålet med årsmeldinga

Kommunen utarbeider kvart år rekneskap og ei skriftleg melding om kommunen si drift. Dokumenta skal syne korleis pengane er blitt nytta, samt ein oversikt over kva kommunen har oppnådd i året som gjekk.

Årsmeldinga skal føreligge til handsaming samstundes med kommunerekneskapen, og skal framjast for kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret. Årsmeldinga skal gje god informasjon til politikarane, innbyggjarane, offentlege instansar og andre som syner interesse for kommunen si drift.

I årsmeldinga skal det gjevast opplysningar om resultat av aktiviteten, forhold som er viktige for å kunne vurdere kommunen sin økonomiske stilling og andre viktige forhold. Årsmeldinga skal også vere ei evaluering av måloppnåing i økonomiplanen. Gjennom årsmeldinga er det også naturleg å sjå framover og legge føringer på ein del områder

Årsmeldinga er den viktigaste attendemeldinga kommunedirektøren gir til kommunestyret

Etter Kommunelova § 14-6.7 skal kommunestyret vedta disponering av rekneskaps - overskot /inndekning av underskot. Kommunestyret får i rekneskapssaka ei tilråding frå to organ.

Kontrollutvalet si tilråding vil ha fokus på om rekneskapen er gjort opp i samsvar med lov og forskrift. Formannskapet skal tilrå disponering / inndekning av overskot / underskotvesentlege forhold som ikkje går fram av rekneskapen.


1.3 Organisering

Administrativt er Fjaler kommune organisert etter ein 3-nivå modell med underliggende tenesteeiningar i tillegg til støtte- og stabseiningar. Dette legg føringer for korleis vi organiserer tenestene av omsyn til møter og rapporteringsstruktur.

Fjaler kommune er delt inn i følgjande rammeområder:

- Kommunedirektør inkl Kultur og Lanbruksforvaltninga
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef Helse og omsorg
- Kommunalsjef Teknisk
- Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
- Finansielle føremål

Rådmann si leiargruppe består av 4 kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef.



1.4 Kvalitet og internkontroll

Kommunelova stiller krav til kommunen sin internkontroll for å sikre at lover og forskrifter vert fylgt.

Etter §25-1 skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekke og fylgje opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den form og det omfang som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

I praksis handlar internkontroll om utvikling av god kvalitet i tenestene, om å ha *kultur og system* for læring og forbetring. Kommunen si elektroniske kvalitetshandbok er eit reiskap for å oppnå dette.

Her får tilsette tilgang til lovverk, interne rutinar og retningsliner, behandling av avvik og risiko.

Gjennomførte tiltak 2021

- Også dette året har vore prega av handtering av pandemi. På det jamne har ein gjennomført eitt møte pr. veke med kriselening og smitteverngruppa i tillegg til vekentleg møte med Statsforvaltar
- Ny plattform for dokumentstyring i Kvalitetshandboka er teken i bruk.
- Opplæring i skular og barnehagar for meldarar av avvik
- Ferdigstilling av kommunebeskriving til heilskapleg ROS
- Kvalitetsgruppa har hatt sju møter og handsama 47 saker

Planlagde tiltak 2022

- Ta i bruk elektronisk årshjul i Kvalitetshandboka
- Opplæring for *behandlarar* av avvik – heile organisasjonen
- Opplæring for *redaktørar* i ny dokumentstyringsmodul
- Ferdigstille kommunen sin heilskapleg ROS
- Ta i bruk KS-læring, opplæringsplattform for tilsette
- Ta i bruk ny plattform for ECO-online (stoffkartotek). Gjennomføre opplæring.

Strategisk mål – alle sektorar	Styringsindikator	Resultat		MÅL 2022
		2020	2021	
Positiv avvikskultur	Tal meldte avvik, alle område	225	201	250
Gjennomførte ROS-analysar	Tal ROS-analysar, alle områder	8	3	8

Merknad til strategiske mål: Kommunen ynskjer medverknad frå dei tilsette i kvalitetsarbeidet.

Tilsette melder avvik innan områda: Fagleg kvalitet, HMT, Legemiddel og Ikt og informasjonstryggleik.

Meldte avvik har gått gradvis nedover dei siste åra. Mange avvik vert også registrert på feil område.

Av alle avvik (201) er halvparten vurdert som *Alvorlege* og tre er vurdert som *Kritiske*. Det komande året er det vektlagt ei ny runde med opplæring for tilsette og leiarar.

Å vurdere risiko er svært vesentleg innan internkontrollen. I risiko-modulen er det berre dokumentert tre gjennomførte analysar. Ein er langt frå målet om at alle sektorar skal bruke

metodikken og reiskapen som ligg i Kvalitetssystemet, men det er planlagt mange risikovurderinger framover både på tenestenivå og sektornivå.

Interne revisjonar og tilsyn utført av offentleg mynde – status des. 2021

Tilsynsmynde	Tema	Status
DSB	Branntilsyn om minimumskrav til årsverk	Ingen lovbroter eller merknader
Mattilsynet	Tilsyn med drikkevassbasseng	Brot på regelverk som er under retting (utan frist)
Arbeidstilsynet	Helseskadeleg støv, gass og brannrøyk for feiarar og brannfolk	Brot på regelverk som er under retting med frist.-22
Statsforvaltaren	Tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap	Ingen lovbroter eller merknader
Statsforvaltaren	Tilsyn med elevar sitt skulemiljø, jf. plikt til å varsle og undersøke.	Brot på regelverk som er under retting med frist jan.-22
Vestland revisjon	Forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming og offentlegheit	Fleire tilrådingar som er under oppfølging med frist feb.-22
Kommunen	Internrevisjon av kommunen sitt samla kvalitetsarbeid	Eigen handlingsplan med frist i des. 2022
Kommunen	Internrevisjon av informasjonstryggleiken	Eigen handlingsplan med frist i des. 2022

2.3 Befolkningsutvikling

Fjaler kommune hadde ein auke i folketalet frå 2020-2021 på 83 personar. Dette gjev ein auke på 2,96%.

Den største auken finn vi i Flekke som er opp med 70 personar. Elles har vi auke i i ytre i del av kommunen medan vi i Dale og områda rundt ligg på nullvekst.

Tidlegare har trenden vore at vi har hatt auke i sentrumsområda og nedgang i utkantane. Det er gledeleg at vi no har auke i områder i kommunen som tidlegare har vore prega av nedgang i folketalet. Flekke har hatt den største veksten og vi ser at mange yngre no vel å etablere seg der.

Dersom ein ser folketalet over ein ti-årsperiode frå 2012-2022 har vi ein auke i folketalet på 75 personar. Dette bør vi vere tilfredse med då trenden i mange små utkantkommunar er reduksjon.

Grunnkrets	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring 2012-2022
Flekke - Espedal	475	502	477	464	469	486	455	442	463	533	547	72
Hovlandsdal	60	56	55	55	51	47	48	48	53	50	41	-19
Guddal - Heggheim	115	113	116	115	115	112	111	102	108	106	114	-1
Øvre Vassdalen	72	68	70	69	65	64	66	66	66	63	56	-16
Nedre Vassdalen	191	192	190	180	184	183	184	167	158	155	148	-43
Bjerga - Bortheim - Jarstad	516	517	516	519	515	530	549	528	526	521	526	10
Dale - Sletteland	457	476	474	472	484	500	507	523	525	521	532	75
Sagevik - Yksnebjør	271	270	263	274	300	300	303	284	300	312	326	55
Fure	91	92	87	89	86	81	72	67	60	68	67	-24
Folkestad	79	75	76	71	72	71	71	73	70	80	72	-7
Våge	198	198	198	197	189	188	186	189	188	193	193	-5
Lone	121	114	118	118	114	119	119	120	117	112	112	-9
Gjølanger	154	155	154	149	140	144	138	127	129	130	128	-26
Tyssedal	26	34	37	36	35	32	35	32	38	40	39	13
Uoppgett grunnkrets	6	9	22	15	11	5	2	2	1	1	.	-6
Sum folketal	2832	2871	2853	2823	2830	2862	2846	2770	2802	2885	2901	69

SSB TABELL 04317 Grunnkretsenes befolkning (G)

Tabellen under viser alderssamansetjinga av befolkninga i Fjaler kommune. Vi har i løpet av dei siste åra hatt stor nedgang i befolkninga som er mellom 16-66 år, den største auken er i aldersgruppa 67-79 år. Dette er ein trend vi ser i heile landet, men utviklinga er størst i distriktskommunar.


Alder	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring 2012-2022
0 år	28	37	29	13	19	25	27	21	25	21	30	2
1-5 år	149	154	181	182	171	155	150	135	134	138	132	-17
6-12 år	230	237	241	233	242	253	251	259	261	260	260	30
13-15 år	100	86	71	88	90	111	108	116	111	98	97	-3
16-19 år	283	301	278	251	261	253	241	234	248	306	326	43
20-44 år	752	763	763	766	752	780	767	728	721	749	753	1
45-66 år	773	777	761	763	746	744	748	726	729	715	709	-64
67-79 år	327	336	344	351	369	369	386	397	408	427	421	94
80-89 år	157	144	152	150	146	139	135	130	140	147	151	-6
90 år eller eldre	33	36	33	26	34	33	33	24	25	24	22	-11
Sum	2832	2871	2853	2823	2830	2862	2846	2770	2802	2885	2901	69

2.4 Sysselsetting

Sysselsette etter arbeidsstad og næring (15-74 år) i Fjaler kommune pr. 4 Q 2021

Næring (sektor)	2017	2018	2019	2020	2021
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	119	116	112	122	124
05-43 Sekundærnæringer	164	162	166	192	202
45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	416	413	422	355	360
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	49	49	61	53	52
85 Undervisning	196	201	201	195	187
86-88 Helse- og sosialtjenester	402	405	381	363	392
90-99 Personlig tjenesteyting	20	20	22	25	23
00 Uoppgett	8	9	12	10	4
Sum	1374	1375	1377	1315	1344

SSB tabell 13472 Sysselsatte per 4 kvt, etter region, næring (SN2007), sektor, statistikkvariabel og år



Tal i statistikken bygger på rapporteringa gjennom a-ordninga.

Pendling



Innbyggere som pendler til jobb i annen kommune
2021

394 personer



Personer som pendler inn til jobb i kommunen
2021

380 personer


Histroisk har Fjaler kommune hatt fleire personar som pendlar inn til kommunen enn personar som pendlar ut. Denne trenden snudde i 2020

2.5 Klima og Miljø

I samband med handsaminga av årsmelding 2015 vedtok kommunestyret i sak 54/16 at framtidige årsmeldingar og tertialrapportar skal innehalde ei vurdering av måloppnåing i høve måla i Fjaler kommune sin kommunedelplan for energi, klima og miljø. Planen vart vedteken 14.06.2010, og har ikkje vore revidert etter den tid. Planen skulle reviderast i 2021, men arbeidet er ikkje komt skikkeleg i gang grunna prioritering av mellom anna kommuneplanen sin arealdel. Ein har likevel delteke aktivt i fylkeskommunen sitt klimanettverk samt søkt og fått innvilga tilskot til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for planarbeidet.


Planen inneheld 6 overordna hovudmål og ein handlingsplan for perioden 2010-2014 som også inneheld delmål og prioriterte tiltak. Vurderingane nedanfor byggjer på hovudmåla i planen og tiltak som er sette i verk når det gjeld delmåla. Mange tema kan vere vanskelege å vite måloppnåinga på, men er arbeid/tiltak som vil gå kontinuerleg og involvere alle einingar i den kommunale drifta.

Mål 1- Redusere utsleppet av klimagassar



Figur 1: Fordeling av klimagassutslepp, 2019, til venstre og historiske utslepp og utslippsmål (tonn co2) til høgre.
Kilde: Kommunalbanken

Grafen i figur 1 viser direkte klimautslepp i Fjaler for 2019, fordelt på utsleppskjelder. Data for 2020 er ikkje tilgjengelege endå. Dagens klimautslepp kan gje ein indikator på kor reduksjonen av utslepp kan skje. Grafen til høgre i figur 1 viser reduksjonen som må gjennomførast for at Fjaler skal kunne oppfylle sin del av dei nasjonale måla om redusjon av klinagassutslepp.



Det er i dag ingen oljefyringsanlegg i bruk i kommunale bygg, og fra 2020 skal oljefyringsanlegg fasast heilt ut.

Kommunen har starta arbeidet med å skifte ut leasingbilar med kun forbrenningsmotorar. I 2017 hadde kommunen to 2 hybridbilar (barnevern og teknisk kontor). I 2018 er talet på hybridbilar auka til 4 samt at BIO har ein rein el-bil. I 2020 og 2021 er flerie av bilane skifta ut og erstatta med elbilar og nokre hybrid. Ved utskifting av leasingbilar etterkvart som leasingavtalane går ut framover vil ein i skifte til elbilar og ladbar hybrid der elbil ikkje er optimalt for drifta. Det er ved kommunale bygg etablert 5 nye ladepunkt i 2020, 4 i 2021 og planlagt 4 til i 2022.

Felleskøyring til kurs og møter blir brukt så langt det passar og i både 2020 og 2021 har det vore mykje mindre reiser enn elles grunna Korona restriksjonar. Fysiske møter og samlingar er erstatta med digitale møter som har gitt ein stor nedgang i tal reiser samt gitt innsparte arbeidstid som tidlegare gjekk vekk i reisetid.

Informasjonsarbeidet om energi, klima og miljø til innbyggjarane i kommunen kunne heilt klart vore betre, men ein registrerar at fokus på klima og miljø er aukande.

Mål 2- Redusere den kommunale energibruken

I dei seinare åra har det over investeringsbudsjettet vore avsett pengar til oppgradering/ombygging av større kommunale bygg. I hovudsak har pengane vore brukte til utbetring av inneklimaet, meir økonomiske og meir miljømessige oppvarmingssystem og bygningsmessige tiltak for å redusere energibruken. Nokre av tiltaka får vi Enova-støtte til. Målsettinga i planen er minst 10% reduksjon i energibruken i kommunale bygg i forhold til registrert forbruk i 2008. Tabellen nedanfor viser KOSTRA-rapportert energiforbruk for Fjaler kommune sine administrasjonsbygg, forskulebygg (barnehagar), skulebygg, institusjonsbygg, idrettsbygg og kulturbrygg.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Samla årsforbruk i kWt	2 996 245	3 139 303	3 019 876	3 017 885	2 960 198	2 891 479

Årsvariasjonar kan ha naturlege forklaringar som for eksempel kalde/milde vintrar. Som det går fram av tabellen ovanfor har straumforbruket vore aukande, frå vi starta med KOSTRA-registreringane i 2013 og fram til 2017. KOSTRA-tala viser ein reduksjon i samla årsforbruk frå 2017 til 2018 og vidare liten reduksjon i 2019 og vidare i både 2020 og 2021 noko som viser at ein er på rett veg. Energibruken pr m² for kommunale bygg var redusert frå 151 til 140 kWh i 2018, som gjeve ein prosentvis reduksjon på 7,3 %. For 2019 var energibruken litt aukande til 142 kWh pr m² og i 2020 er den ytterlegare redusert til 137 kWh pr m².

Fjaler sjukeheim har fått ny varmesentral som vart sett i drift i november 2018. Ein har skifta ut eksisterande løysing var el-kjele og radiatorar. Ny løysing er borehol, varmepumpeteknologi, radiatorar og eit betre styringssystem. Dette vil redusere energikostnadane vesentleg og effekten vil komme betre fram når annleget har vore i drift over tid.

I Yksnebjør nye barnehage er det borehol, varmepumpe og vassboren golvvarme. Opplegget har kapasitet til også å dekke det eldste bygget.

Nybygg som Våge barnehage, Dingemoen skule og beredskapsbygget er alle bygd etter gjeldande energikrav med energieffektive anlegg og løysingar som bidreg til reduksjon av energibruken. Dingemoen skule er i energiklasse A.

Når det gjeld kommunale veglys har ein hatt ein utskiftingsfase av armatur/lyskjelder og nesten alle er no utskifta til led-lys. Overgangen til LED-lys medfører at effekten vert redusert frå ca 150W pr lampe til ca 38W pr. lampe. Totalt har kommunen 450 veglys. I 2017 vart ca 50% av desse skifta til armatur med LED-lys. Utskiftinga fortsette i åra framover og no er nesten alle armatura utskifta. Straumutgiftene er som følgje av utskiftninga redusert med over 40% dei siste tre åra.

Mål 3- Innføre tiltak som medfører auka lokal produksjon av fornybar energi

Fjaler kommune sine overordna planar legg til rete for utbygging av mindre vasskraftanlegg, men desse annlegga treng handsaming og løyve etter anna regelverk. Vindparken på Lutelandet vart utbygd i 2021 og produksjonen av straum starta opp på slutten av året.

Mål 4- Stogge eller redusere alle former for utslepp som er til skade eller ulempe for miljøet

Gjennom Sunnfjord Miljøverk sine gjenvinningsstasjonar har både privatpersonar og firma tilbod om å kvitte seg med vanleg avfall og farleg avfall. Sunnfjord miljøverk vedtok i 2018 innsamling av plast med oppstart frå 01.01.2019.


Når det gjeld kloakkanlegga i kommunen kan det vere stor variasjon i standard og funksjon. Feil og manglar på private anlegg vert rapportert til kommunen av firmaet som utfører

slamtømminga, og kommunen må følgje opp. Dei største kommunale anlegga har reinseanlegg (Dale sentrum og Haugland). Dei mindre kommunale anlegga har slamutskiljing og sjøresipient. Avfallsbrenning i ovnar og ute i det fri er truleg av svært lite omfang. Utslepp frå eldre vedomnar er eit større miljøproblem, men ein registreristar at det er ein jann utskifting til meir miljøvennlege omnar i private husholdningar

Innsamling av plast har og hatt stort fokus i 2018 og det er med på sette fokus på både reduksjon i forbruk og ulemper og skader for miljøet.

Mål 5- Redusere avfallsmengdene

Sunnfjord Miljøverk si årsmelding for 2020er ikkje klar, men tidlegare årsmeldingar har vist ein reduksjon i levert avfall frå husholdningane. Samtidig har det vore ein auke i levert avfall til gjennvinningsstasjonane i området. Fokuset på energi, klima og miljø dei siste åra viser i form av ein sakte reduksjon i avfallsmengd og sortering av avfall.



Mål 6- Planleggje og setje i verk tiltak for å redusere skaderisikoen ved eventuelle klimaendringar

Dei siste åra har det vore stort fokus på samfunnssikkerheit og konsekvensar som følgje av klimaendringar og ekstremvær. I all arealplanlegging, søknader om frådeling av tomtar og byggeskahandsaming er ras, flaum og havnivåstigning sentrale tema. I planprosessar skjer dette gjennom ROS-analysar og konsekvensutgreiingar. Kommunen har gjennomført fleire naturfarekartlegging dei siste åra og naturfare er eit viktig tema både i plan- og byggjesaker. Faresoner og aktemdsoner vil bli innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen sin overordna beredskapsplan inneholder også tiltak som følgje av ekstremvær og andre naturgitte hendingar. Ei utfordring framover vil vere å handtere aukande nedbørsmengder generelt, og intens nedbør over kort tid spesielt. Handtering av overflatevatn må og vil få auka fokus framover.

Konklusjon:

Det er fortsatt eit stykke igjen for å nå måla i kommunen sin energi-, klima- og miljøplan, men tal frå 2021 viser at ein er på rett veg. Når det gjeld energibruk i kommunale bygg har det skjedd ein god del dei siste åra og tala viser no ein reduksjon i energiforbruket dei siste åra, noko som er svært bra. Det meste som vedkjem energi, klima og miljø er langsiktig og kontinuerleg arbeid som grip inn i all kommunal tenesteproduksjon.

3 Likestilling og inkluderande arbeidsliv



1. Arbeidsmiljøutvalet 2021

Arbeidsmiljøutval var i 2021 sett saman slik:

Arbeidsgjeverrepresentant, kommunalsjef oppvekst:	Ingvard Flekke
Arbeidsgjeverrepresentant, kommunalsjef helse og omsorg:	Kjersti Valvik
Arbeidsgjeverrepresentant, administrasjon (sekretær): (Wenche Elveseter frå 01.10.21)	Camilla E. Valvik/ Wenche Elveseter
Arbeidstakarrepresentant:	Elisabeth Hove Bråtane
Arbeidstakarrepresentant:	Ellinor Espedal
Arbeidstakarrepresentant, hovudverneombod (leiar):	Petter Hagenlund

Fjaler kommune har valt å ha med kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg som faste arbeidsgjeverrepresentantar i AMU, då dei representerar dei to største sektorane i kommunen. Kommunalsjef Teknisk og kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling er vara.

2. Saker som Arbeidsmiljøutvalet behandla i 2021

Arbeidsmiljøutvalet avvikla 2 møte i 2021. I tillegg til å behandle faste saker som sjukefråværsstatistikk, årsmelding, handlingsplan for HMT, samarbeidsplan med bedriftshelsetenesta, rapportering på HMT, gjennomføring av helsekontrollar, og gjennomgang av funn i vernerunder, har utvalet i tillegg gjort vedtak i to byggesaker angåande beredskapsbygg og Samvirket, i 2021.

3. Sjukefråvær

	År	Sjukefråvær
Fjaler kommune	2021	7,2 %
Fjaler kommune	2020	6,8 %
Fjaler kommune	2019	6,5 %
Fjaler kommune	2018	7,4 %
Fjaler kommune	2017	6,5 %
Fjaler kommune	2016	5,2 %
Fjaler kommune	2015	5,3 %

Sjukefråvær 2021

Arbeidsstad	Totalt fråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Administrasjon	3,95 %	0,40 %	0,16 %	0,56 %	3,39 %
Oppvekst	7,46 %	1,16 %	0,56 %	1,67 %	5,79 %
Helse og omsorg	7,06 %	1,22 %	0,51 %	1,73 %	5,34 %
Teknisk	8,39 %	1,17 %	0,51 %	1,68 %	6,71 %
Fjaler kommune 2021	7,15 %	1,15 %	0,49 %	1,64 %	5,51 %
Fjaler kommune Q 4	6,41 %	1,59 %	0,58 %	2,17 %	4,25 %
Fjaler kommune Q 3	6,48 %	1,18 %	0,55 %	1,72 %	4,75 %
Fjaler kommune Q 2	6,85 %	0,78 %	0,45 %	1,23 %	5,62 %
Fjaler kommune Q 1	8,60 %	1,03 %	0,62 %	1,65 %	6,95 %

Sjukefråværet starta høgt i første kvartal (8,60 %), vart betydeleg redusert i andre kvartal (6,85 %), vart ytterlegare redusert i tredje kvartal (6,48), men låg tilnærma likt i fjerde kvartal (6,41).

Korttidsfråværet har gått ned frå 1,99 % i 2020 til 1,64 % 2021. Det eigenmeldte fråværet var lågt i dei tre første kvartala i 2021, men auka i fjerde kvartal, i samband med eit smitteutbrot av Koronaviruset. Det legemeldte korttidsfråværet ligg generelt lågare i 2021 enn det det var i 2020. Langtidsfråværet (over 52 veker) har auka mykje og har gått opp frå 4,81 % i 2020 til 5,51 % i 2021 .

Ser ein sjukefråværet over ein treårsperiode(2019-2021), så har langtidsfråværet gått ned frå 4,94 % i 2019 til 4,81 % i 2020, men auka igjen til 5,51 % i 2021. Korttidsfråveret har hatt motsatt reise og auka frå 1,58 % i 2019 til 2,08 % i 2020, medan det har gått ned igjen til 1,64 % i 2021. Svingningane i korttidsfråværet kan nok knyttast opp mot koronapandemien, medan årsakene til langtidsfråværet nok er meir samansatte.

I **Helse og omsorg** er det totale sjukefråværet tilnærma uendra samanlikna med 2020.

Korttidsfråværet er redusert med 0,38 %, medan langtidsfråværet har auka med 0,42 %.

Oppvekstområde har auka fråværet med 0,84 %, samanlikna med 2020. Langtidsfråværet har auka med 1,16 %, medan korttidsfråværet har gått ned med 0,32 %.

For teknisk er det ei positiv utvikling med nedgang i det totalte sjukefråværet på 1,43 % i 2021. Dette kjem etter at ein hadde ei negativ utvikling med auke på 5,5 % frå 2019 til 2020. Korttidsfråværet har auka med 0,12 % medan langtidsfråværet i same periode har gått ned med 1,55 %.

Samanlikna med tall frå SSB for kommunar, viser statistikken på samla eigenmeldt og legemeldt fråvær 7,9 % for 2021. Fjaler kommune som heilskap ligg 0,8 prosentpoeng under gjennomsnittet på landsbasis for alle kommunar. Fjaler kommune har over tid hatt eit lågt fravær samanlikna med andre kommunar, men det er eit mål at vi skal ligge lågare i 2022 enn det vi har gjort dei seinare åra. Vi vil jobbe målretta for å få dette til.

Sjukefråværstala for alle næringar i landet ligg på 6,4 % for 2021, her ligg Fjaler kommune 0,8 prosentpoeng over gjennomsnittet.

4. Vidare arbeid

Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor

Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor vart gjennomført i november 2020 og den gav oss informasjon om korleis dei tilsette opplever arbeidsmiljøet og sin nærmeste leiari. Einingane har jobba med resultatet av kartlegginga i løpet av 2021 og sett på forbetningspotensiale for å styrke det som ikkje er godt nok, og samtidig peike ut område der ein ønskjer å halde fram med gode resultat. Det er litt ulikt kor mykje fokus dette arbeidet har fått i dei ulike einingane og kor mykje ein har jobba med 10 faktor i løpet av 2021.

Deltaking i KLP sitt arbeidsmiljønettverk 2020-2022

Fjaler kommune er ein av deltakarane i KLP sitt arbeidsmiljønettverk. Hovudfokus er på mestringsorientert leiing og mestringsklima, begge deler er vald med utgangspunkt i forsking på leiing og arbeidsmiljø. Prosjektgruppa er kommunalsjef oppvekst, HVO og personalsjef. Arbeidsmiljøutvalet er styringsgruppe for prosjektet, og får rapportar i møte. Pga koronapandemien og endring i prosjektgruppa (ny personalsjeg og ny HVO), har ein ikkje fått jobba like mykje med dette som det som var planlagt i 2021. Vi ønskjer å ha fokus på dette i 2022 og det er planlagt ny arbeidsmiljøkartelegging i 2023.

Koronasitusjonen og påverknaden på dei tilsette

Korleis pandemien har påverka dei tilsette har vore tema på alle møta som har vore avvikla. AMU har drøfta utfordringar på kort og lang sikt, erfaringar som ein vil ta med seg vidare då ein ser at det har fordelar, samt konsekvensar som ikkje alltid er så lett å oppdage.

Funn i vernerundane og budsjettprosessen

Mykje av det som kjem opp i vernerundane er vanskeleg å gjere noko med då det krev investeringar i form av utbetring på bygg og er vanskeleg å gjere noko med utan ekstra løyingar. Difor kjem mykje av desse funna opp år etter år. Det kjennast frustrerande for både tilsette og leiarar at det ikkje er økonomisk rom for å utbetre eller endre på det som kjem fram i vernerundane. Dette kan føre til at det psykososiale arbeidsmiljøet vert påverka i negativ retning.

Ny tilsett på teknisk kontor skal ha hovudansvar for bygg og eigedom, og skal jobbe langsiktig med strategi for vedlikehald av kommunale bygningar. At dette no ligg samla ho ein tilsett, vil gjøre det enklare framover både å planlegge, prioritere og systematisk gjennomføre nødvendig vedlikehald og oppgraderingar.

Arbeid med sjukefråvær

Vi hadde planar om å sjå nærmare på metodikk i NED-satsinga til KS, og hadde oppretta ei prosjektgruppe som skulle jobbe med dette. NED-metodikken, og det påfølgjande bransjeprogrammet for sjukeheim og barnehage, har gitt gode resultat innan begge område.

Vi skil ikkje vi oss så mykje frå andre kommunar når det gjeld trendar i sjukefråværet. Det kan vere mykje å hente på eit verktøy som kan hjelpe oss med å få ned fråværet og dermed kostnadane ved sjukefråvær, både dei økonomiske kostnadane og den ekstra belastninga som dei andre tilsette får.

Dette arbeidet vart nedprioritert grunna at deltakarane ikkje hadde kapasitet i 2021, mykje av dette skuldast ekstraordinære oppgåver i pandemien.

6 Likestilling og inkludering

Likestilling

Fjaler kommune sin visjon er eit ope samfunn, og denne visjonen vert og lagt til grunn i arbeidsgjevarpolitikken. Vi skal opplevast som ein arbeidsgjevar som er romsleg når det gjeld tilrettelegging og inkludering.

Likeløn

Gjennomsnittsløn, målt som årløn utan funksjonstillegg, var kroner 501.354 for Fjaler kommune i 2021. For kvinnelege tilsette var gjennomsnittsløna kroner 499.861. Dette er noko lågare enn deira mannlege kollegaer som hadde ei gjennomsnittleg løn på kroner 507.459.

Den store delen kvinner i omsorgssyrker som ufaglærte og fagarbeidarar kan forklare kvifor gjennomsnittsløna er lågare for kvinner enn for menn. Reinhaldarane har i 2021 fått tilbod om å ta fagbrev som reinhalar og fleire av har valt å gjere det. Auka kompetanse der ufaglærte tar fagbrev kan bidra til meir likelønn mellom menn og kvinner.

Arbeidstrening

Jamleg tek vi i mot praksiskandidatar og andre som ønskjer arbeidstrening, og legg godt til rette for arbeidstrening for menneske med ulike typar funksjonshemmingar ved behov.

Kjønnsbalanse

	Tal tilsette	Årsverk	Tal tilsette menn	Tal tilsette kvinner	Kvinneandel
2021	345	273	67	278	80,6 %
2020	335	281	66	269	80,3 %
2019	342	281	66	276	80,7 %
2018	351	282	64	287	81,8 %

I Fjaler kommune er det 345 tilsette fordelt på 273 årsverk per 31.12.2021. Av desse 345 er det 278 kvinner og 67 menn. Dette er ein kvinnandel på 80,6 %. For 2020 var tala til samanlikning 335 tilsette fordelt på 281 årsverk, av dette 269 kvinner og 66 menn og ein kvinnandel på 80,3 %. I 2019 var tala 342 tilsette fordelt på 281 årsverk, av dette 276 kvinner og 66 menn, og ein kvinnandel på 80,7 %. For 2018 var tala 351 tilsette fordelt på 282 årsverk, av dette 287 kvinner og 64 menn, og ein kvinnandel på 81,8 %.

Som elles i kommunal sektor er kvinner sterkt overrepresentert, men vi har hatt ein liten auke i tal menn som jobba i kommunen frå 2018 til 2021 og ein liten nedgang i tal kvinner (1,2 %).

Ideelt sett ønskjer vi å ha arbeidsmiljø der det er ei balanse mellom kjønna, men vi ser at det er vanskeleg i nokre sektorar å få dette til. Dette gjeld både på kvinnedominerte arbeidsplassar som helse og omsorg og til dels i oppvekst, og på mannsdominerte arbeidsplassar som i teknisk sektor.

Tiltak kjønnsbalanse

Ved rekruttering tek vi i bruk annonser med referanse til ønska balanse og føretrekt kjønn gitt like føresetnadjar. Vi ser at det er ønskje og behov for fleire menn i helse og omsorg, men også i oppvekst, og ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsgjevar og for mannlege arbeidstakrarar i desse sektorane.

Arbeid med heiltidskultur

Oversikt heiltid og deltid for kvinner og menn i perioden 2018 til 2021.

	Tal tilsette	Heiltid kvinner og menn	Deltid kvinner og menn
2021	345	50,7 %	49,3 %
2020	335	45,1 %	54,9 %
2019	342	46,8 %	53,2 %
2018	351	50,1 %	49,9 %

Heiltid

Av dei tilsette arbeida 50,7 % av både kvinner og menn heiltid i 2021, 45,1 % i 2020, 46,8 % 2019 med og 50,1 % i 2018.

Deltid

Av dei tilsette arbeida 50,7 % av både kvinner og menn heiltid i 2021, medan 49,3 % av både kvinner og menn jobba deltid i 2021. Tilsvarande tal for deltid var 54,9 %, i 2020, 53,2 % 2019 med og 49,9 % i 2018.

Oversikt heiltid og deltid fordelt på kjønn for 2021 og 2020

2021	Tal tilsette fordelt på kjønn	Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn	Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn	Årsverk heiltid fordelt på kjønn	Årsverk deltid fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn
Kvinner	278	139	139	139	81,49	58,62	79,31 %
Menn	67	36	31	36	17,08	55,12	79,22 %
Sum	345	175	170	175	98,57		79,25 %

2020	Tal tilsette fordelt på kjønn	Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn	Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn	Årsverk heiltid fordelt på kjønn	Årsverk deltid fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn
Kvinner	269	145	124	145	80,70	65,08	83,90
Menn	66	39	27	39	16,86	62,48	84,65
Sum	335	184	151	184	97,56		84,05 %

Ein del tilsette i helgestilling i helse og omsorg gjer at vi kjem ut med mange tilsette på deltid, dette gjeld uavhengig av kjønn.

Det har vore ei auke i gjennomsnittleg stilling for alle tilsette sett under eitt frå 2017 til 2020 (78,2 % i 2017, 84,05 % i 2020). Medan det har vært ei nedgang frå 2020 til 2021 (84,05 % i 2020, 79,25 % i 2021) i gjennomsnittleg stilling for alle tilsette sett under eitt.

Tala frå 2014 og til i dag synar ei auke frå 71 % til 79,25 % i gjennomsnitteleg stillingsprosent, og dette tydar forhåpentlegvis på at vi er på rett veg i arbeidet med heiltidskultur.

For kvinner har gjennomsnittleg stillingsprosent auka frå 82,4 % i 2018 til 82,8 % i 2019 og til 83,9 % i 2020, medan den har gått ned til 79,3 % det siste året. Dersom vi ser tilbake til 2014 har det i denne perioden vore ei auke i gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner frå 71 % til 79,3 %.

I 2021 er stillingsstorleken for menn i gjennomsnitt 79,22 %, medan den var 84,65 % 2020, 79,7 i 2019 % og 78,2 % i 2018.

Tiltak heiltidskultur

Årsturnus i helse og omsorg frå 2016 har gjort det mogleg for arbeidsgjevarar å auke stillingsstorleiken til dei som ønskjer større stilling, då ein kan planleggje lengjer fram. Arbeidsgjevar og dei tillitsvalde vart samde om at det frå 2021 igjen vart årsturnus. I denne er det gjort eit godt arbeid frå arbeidsgjevar med å auke stillingar.

Dei tillitsvalde er ein viktig samarbeidspart i arbeidet med heiltidskultur. Vi har jamlege møter med dei tillitsvalde der drøfting av deltidsproblematikk er eit punkt på agendaen. Saman har vi ved nye utlysingar av ledige stillingar eit kontinuerleg fokus på å sikre rettane til deltidstilsette som ønskjer auke i stilling.

I oppvekstområdet, og for turnusarbeidande i helse og omsorg blir det årleg kartlagt kven som ønskjer auke i stilling. I samarbeid med det tillitsvalde har arbeidsgjevar beslutta å sende ut kartlegging over dei med ufrivillig deltid årleg. Med dei føresegna som arbeidsmiljølova set ved fortrinnsrett for deltidstilsette så er det nødvendig for arbeidsgjevar å ha oversikt i tilfelle det skal lysast ut stillingar.

Ny Hovudtariffavtale legg også formelle føringar på partane i kommunal sektor framover når det gjeld arbeid med heiltidskultur, og samarbeidet mellom partane på dette området blir nok meir formalisert i tida som kjem. Fjaler kommune som arbeidsgjevar har eit godt og konstruktivt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar når det gjeld heiltidskultur og arbeidet med denne.

6. Utfordringar framover

Pandemisituasjonen

Kommunal sektor har både i 2020 og i 2021 vore sterkt belasta av verknadane av pandemien, og mykje av dette har dei tilsette både ute i einingane og i leiinga vore utsette for. Mange har strekt seg langt og vore endringsvillige og tilpasningsdyktige i ei krevjande tid for fellesskapet. For Fjaler kommune som arbeidsgjevar har det vore imponerande å sjå både det arbeidet som har vore lagt ned av dei tilsette i denne tida, men også den store vilja til endring og omstilling som tilsette har vist at dei har.

Rekruttere og behalde kritisk kompetanse

Det kan blir vanskelegare å rekruttere nødvendig og kritisk kompetanse framover, spesielt nokre utdanningsretningar. Dette blir det auka fokus på framover, og arbeidsgjevar må arbeide både med å behalde og rekruttere den kompetansen den treng. Det vil bli starta eit arbeid med kartlegging av kompetansebehov og kompetansebehaldning, som ein del av ein større kompetanseplan.

Arbeid med sjukefråvær

Fjaler kommune har framleis høgare sjukefråvær enn det som er målsetninga, og arbeidet med dette vil halde fram, forhåpentlegvis vil det bli mogleg å prioritere dette arbeidet i 2022

4 Økonomi




4.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin langsiktige økonomiske balanse og handlefridom. Negativt netto driftsresultat tyder på at vi brukar meir enn vi tener, positivt netto driftsresultat betyr at kommunen driv med overskot og kan sette midlar av til driftsfond og framtidige investeringar.

Det vil sei at netto driftsresultat syner kva kommunen har til rådvelde til å eigenfinansiere investeringar og bygge opp reserver. TBU ha berekna at kommunan bør ha eit netto driftsresultat på 1,75%, men at ein bør gjere lokale vurderingar knytt til fastsetjing av måltalet. Fjaler kommune har eit mål at vi annan 2026 skal ha eit netto driftsresultat på minimume 1,25%. Årsaka til av vi ligg under anbefalinga er den høge lånegjelda og dermed avdragsbelastninga i driftsrekneskapen.

Etter 2 år med negativt netto driftsresultat har vi for 2021 eit positivt netto driftsresultat på 1,3%. Dette er ei positiv utvikling, men vi ligg framleis godt under snittet for kostragruppa, fylket og landet.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	2018	2019	2020	2021
Fjaler	4,0 %	-1,4 %	-1,4 %	1,3 %
Kostragruppe 06	3,6 %	-0,5 %	3,8 %	2,4 %
Vestland			2,0 %	4,2 %
Landet uten Oslo	2,2 %	1,5 %	2,5 %	4,2 %

Måltal: Kommunestyret i fjaler har vedteke at vi innan 2026 skal ha minimum eit netto driftsresultat på minimum 1,25%. I 2021 er netto driftsresultat 1,3%. Årsaka til at vi når målet i 2021 er den høge skatteinngangen, dette er langt betre enn budsjett som var eit netto driftsresultat på -0,005%

4.2 Løn i % av brutto driftsinntekter

Ein stor del av kommunen sine inntekter er bundne opp i faste lønnsutgifter. Lønsandel i % av driftsinntektene kan sei noko om kommunen sitt handlingsrom. Kor mykje er igjen til politiske prioriteringar etter at løn er dekka. Reduksjon i lønnsutgiftene krev ofte ein meir omfattande politisk prosess enn kva kutt i mange andre utgifter. Det kan difor vere viktig med eit overordna syn på utviklinga av lønnsutgiftene i kommunen. Lønsandelen i kommunar ligg vanlegvis mellom 60-70%.

Tabellen under viser Fjaler kommune sin andel av løn målt mot driftsinntektene.


	2017	2018	2019	2020	2021
Løn og sosiale utgifter i % av Brutto dr. inntekter	63,80 %	64,60 %	68,30 %	64,73%	66,9

Det ein ofte ser er at andelen av løn i små kommunar ligg høgre enn for dei store kommunane. Det betyr at handlingsrommet for små kommunar ofte er mindre. Bakgrunnen for at tala variere annankvart år er at utbetalinga frå Havbruksfondet ikkje er årleg.

4.3 Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter er eit uttrykk for kommunen si gjeldsbelastning. Nøkkeltalet seier noko om kommunen sin soliditet og finansieringsstruktur. Fjaler kommune ligg no over snittet i kommunegruppa og snittet for landet. Netto lånegjeld i grafen under er korrigert for lån til vidare utlån og ubrukte lånemidlar.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



	2018	2019	2020	2021
Fjaler	74,2 %	86,1 %	109,5 %	133,9 %
Kostragruppe 06	73,1 %	77,1 %	84,6 %	86,3 %
Vestland			87,5 %	85,5 %
Landet uten Oslo	87,5 %	91,2 %	95,1 %	92,7 %

Måltal på Lånegjeld

Fjaler kommune har vedteke ei målsetjing om at innan 2026 skal gjeldsgrada til kommunen ligge 130% av brutto driftsinntekter. Dette er brutto lånegjeld. Det vil sei at vi ikkje har korrigert for ubrukte lånemidlar, lån til vidare utlån og lån til sjølvkostområda. Ved utgangen av 2021 er gjeldsgrada til kommunen på 144,5%

I 2022 vil gjeldsgrada til kommunen auke og framleis ligge langt over det som er anbefalt. Årsaka er at vi over tid har hatt store investeringsutgifter, i tillegg vil det vedtekne investeringsprogrammet auke gjelda ytterlegar i 2022, medan vi vil få ein nedgang fram mot 2025. Dei fleste av investeringane i Fjaler kommune er lånefinansiert. Vi må framover vere restriktive å strebe etter å redusere gjeldsgrada. Dersom vi ikkje tar ned drifta og eigenfinansierer meir av investeringane må aktiviteten ned dersom vi skal nå dei økonomiske målsetjingane.


4.4 Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet syner kor mykje kommunen har sett til side, eller har til disposisjon for seinare drifts- og investeringsføremål. Disposisjonsfondet er det einaste fondet som fritt kan nyttast til dekking av utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen. Disposisjonsfondet er difor den delen av «reservane» som gjev det beste uttrykket for den økonomiske handlefridomen.

Kommunen bør til ei kvar tid ha ein buffer til å møte uføresette hendingar, som svikt i inntektene eller auke i utgiftene. Oppbygging av eit disposisjonsfond kan og bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane.

Saldo på disposisjonsfondet var ved utgangen av 2021 på kr 19,76 mill, dette er ein auke frå 2020 på kr 7,5 mill

Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	2018	2019	2020	2021
Fjaler	6,9 %	5,7 %	3,9 %	6,3 %
Kostragruppe 06	8,9 %	9,3 %	11,8 %	13,0 %
Vestland	9,6 %	9,2 %	10,3 %	12,5 %
Landet uten Oslo	11,1 %	11,0 %	11,9 %	13,7 %

Fjaler kommune ligg under snittet for kommunegruppa, vestland fylke og landet. Dette gjeld framleis om vi korrigerer for forskotteringane som er dekka av disposisjonsfondet.

Måltal på disposisjonsfond

Kommunestyret i Fjaler har vedteke eit økonomisk måltal på disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter på >8%. Dette utgjer kr 25,8 mill. Fjaler kommune har forskottert kr 10,9 mill i moms og spelemidlar for utbygging av trimrom Våge og bygging av kaldhall i Dale. Når desse midlane vert refundert vil saldo på disposisjonsfondet vere 30,5 mill og utgjere 9,4 % av driftsinntektene i 2021.

4.5 Rekneskapsprinsipp

Fjaler kommune sin rekneskap er ført etter dei kommunale rekneskapsprinsipp jf. Kommunelova §14 med tilhøyrande forskrift. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og betyr at all tilgang og avgang av midlar i løpet av året skal visast i anten- drifts eller investeringsrekneskapen.

Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og inntekter i kommunen og resultatet av desse gjennom året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i tilknyting til investeringar o, utlån m.v. samt korleis desse er finansiert.

Driftsrekneskapen til kommunen syner årlege avskrivingar som er årlege kostnader som fylgje av forbruk av driftsmidlar

Avskrivingane påverkar kommunen sitt brutto driftsresultat, men vert nulla ut slik at netto driftsresultat er upåverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med den utgift som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Årsaka til at avskrivingane vert vist i rekneskapen er mellom anna at avgjerdtakrar og brukarar av rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den høve kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det vil sei at det ikkje er gjort inntekter for tilhøyrande utgifter og då heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette fører til at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett beløp.

4.7 Driftsoversikt

Økonomisk oversikt § 5-6

	Rekneskap 2021	Rev. Budsj 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2020
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	147 157 899	147 746 000	146 011 000	146 922 475
2 Inntekts- og formuesskatt	82 368 913	73 612 000	71 113 000	66 852 617
3 Eiendomsskatt	6 124 279	6 417 000	7 354 000	6 418 456
4 Andre skatteinntekter	11 889	0	0	11 889
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	9 189 196	7 644 000	7 644 000	14 091 449
6 Overføringer og tilskudd fra andre	50 743 217	43 320 157	42 958 657	49 727 795
7 Brukerbetalinger	11 253 584	11 249 230	11 249 230	10 693 143
8 Salgs- og leieinntekter	16 094 647	15 591 800	16 191 800	21 137 159
9 Sum driftsinntekter	322 943 624	305 580 187	302 521 687	315 854 983
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	179 929 062	172 423 946	171 848 521	170 450 243
11 Sosiale utgifter	36 277 283	40 996 615	41 428 340	34 023 525
12 Kjøp av varer og tjenester	66 351 260	61 749 811	60 488 111	71 312 077
13 Overføringer og tilskudd til andre	26 102 962	22 042 615	22 027 915	33 583 379
14 Avskrivninger	14 159 049	13 519 850	13 519 850	13 515 537
15 Sum driftsutgifter	322 819 617	310 732 837	309 312 737	322 884 762
16 Brutto driftsresultat	124 007	-5 152 650	-6 791 050	-7 029 778
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	907 841	1 277 000	1 277 000	987 106
18 Utbytter	5 578 991	5 350 000	4 800 000	4 348 141
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
20 Renteutgifter	5 784 639	5 680 000	5 680 000	5 758 607
21 Avdrag på lån	10 982 000	10 900 000	10 900 000	10 951 000
22 Netto finansutgifter	-10 279 806	-9 953 000	-10 503 000	-11 374 360
23 Motpost avskrivninger	14 159 049	13 519 850	13 519 850	13 515 537
24 Netto driftsresultat	4 003 250	-1 585 800	-3 774 200	-4 888 601
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	-1 455 548	-1 330 000	0	-107 738
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	4 964 627	2 119 800	2 467 200	-1 923 723
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-7 512 329	797 000	1 307 000	5 290 411
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	0	0	1 630 122
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-4 003 250	1 586 800	3 774 200	4 889 072
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

Rekneskapen for 2021 er gjort opp i balanse. Frå og med 2020 er det endring i korleis vi fører rekneskapen. Det skal ikkje lenger førast meir- eller mindreforbruk i kommuneregnskapet, men vi skal justere mot bruk- og avsetnad til fond. For rekneskapen 2021 er avsetnad og bruk av fond justert med kr 8,3 mill etter gamal forskrift vil det sei at vi hadde eit regnskapsmessigmindreforbruk på kr 8,3 mill

Skatteinngangen vart vesentleg betre enn budsjettet. Målt mot revidert budsjett hadde vi ei meirinntekt på denne postane på kr 8,46mill.

Fjaler kommune hadde eit positivt brutto driftsresultat på kr 0,1 mill. Dette er betre enn revidert budsjett, og betre enn det vi oppnådde i 2020 rekneskapen.

Sjå kommentarar frå sektorane for meir informasjon

4.8 Driftsinntekter

Fjaler kommune sine driftsinntekter er sett saman av

- Skatteinntekter
- Rammetilskot frå staten
- Havbruksfond
- Eigedomsskatt
- Statstilskot flyktningar
- Andre inntekter som vert inntektsført på einingane, td refusjonar, brukarbetalingar, husleigeinntekter og øyremerkte tilskot.

I 2021 var samla driftsinntekter på kr 322,98 mill., dette er ein auke i høve 2020 på kr 7,1 mill.

Vi har auke på alle dei fleste inntektspostane, men den største auken finn vi på skatteinntekter. Dei store utbetalingane frå havbruksfondet kjem annankvart år slik at utbetaling på denne posten er redusert i høve 2020.

4.9 Driftsutgifter


Fjaler kommune sine driftsutgifter (eks interne overføringer) er sett saman av

- Løn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester
- Overføringer og tilskot til andre
- Avskrivningar

Driftsutgiftene ligg uendra i høve 2020, men det betyr ikkje at vi ikkje har hatt utgiftsauke på driftsbudsjettet. I 2020 betalte vi ut forskoteringar tilsvarende 10,1 mill, desse utgiftene hadde vi ikkje i 2021. Auken i løn og sosiale utgifter var åleine på kr 11,7 mill samanlikna med 2020 og ein auke i høve budsjett på kr 2,8 mill .

Avviket på løn må sjåast i samanheng med inntektsposten på refusjon sjuke- og fødselsløn. Her har vi eit avvik i høve budsjett på kr 4,8 mill. Det reelle resultatet på løn blir difor – kr2 mill. Det vil sei at vi Samla sett har eit mindreforbruk målt mot budsjett. Noko av årsaka er at vi første havlvår fekk refundert alt fråver frå dag 4 mot 16 dagar som normalt er dekka av arbeidsgjevar. Det vil sei kommunen sine utgifter knytt til kortidsfråver er redusert.

Tabellen under syner netto driftsutgift pr innbyggjar og tenesteområde (justert for utgiftsbehov)



4.10 Finanstransaksjonar

Finansinntekter

Finansinntektene er sett saman av renteinntekter, utbyte og eigaruttag, gevinst ved sal av finansielle omløpsmidlar samt mottekne avdrag på utlån.

Samla finansinntekter i 2021 er på kr 6,5 mill mot 5,3 mill i 2020. Av dette er

- Utbyte BKK kr 4,8 mill
- Utbyte Sog og Fjordane Holding as (SFE) kr 0,73 mill
- Renteinntekter kr 0,9 mill

Hovudårsaka til auken i høve 2020 er nivået på utbyte frå BKK som auka med 1,2 mill

Det ordinære utbytet i 2021 frå BKK ligg på eit vesentleg høgare nivå enn utbyte vi tidlegare mottok frå Sunnfjord Energi. I tillegg får vi no utbyte frå SFE etter at fylkeskommunen overførte sine aksjar til kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Renteinntektene er noko lågare enn nivået i 2020 – Det heng saman med det låge rentenivået som har vore i 2020 og at innskotet har gått ned.

Finansutgifter

Finansutgiftene er sett saman av renteutgifter, provisjonar og andre utgifter knytt til kommunen si låneportefølje.

Renteutgifter knytt til kommunen si låneportefølje utgjorde i 2021 var på kr 5,8 mill, dette er omrent uendra frå 2020.

Avdrag på kommunen si låneportefølje utgjorde i 2021 kr 11 mill.

4.11 Investering

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Viser elles detaljert investeringsrekneskap i regnskapsheftet.

Bevilgningsoversikt investering §5-5

	Rekneskap 2021	Just budsj. 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
1 Investeringer i varige driftsmidler	108 042 644	153 070 014	110 370 000	139 305 209
2 Tilskudd til andres investeringer	1 320 000	1 220 000	0	1 880 000
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	988 480	790 000	790 000	4 747 158
4 Utlån av egne midler	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	626 683
6 Sum investeringsutgifter	110 351 124	155 080 014	111 160 000	146 559 050
7 Kompensasjon for merverdiavgift	18 637 521	26 115 700	18 117 000	23 644 420
8 Tilskudd fra andre	9 523 209	8 716 000	166 000	1 802 080
9 Salg av varige driftsmidler	1 070 000	935 200	0	240 000
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	6 500 000	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	237 486
13 Bruk av lån	79 649 484	104 783 496	89 087 000	111 037 524
14 Sum investeringsinntekter	108 880 213	147 050 396	107 370 000	136 961 510
15 Videreutlån	0	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	660 268	0	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån	322 699	0	0	0
19 Netto utgifter videreutlån	337 569	0	0	0
20 Overføring fra drift	1 455 548	1 330 000	0	107 738
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	20 000	0	0	0
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	332 932	6 699 618	3 790 000	9 489 802
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	1 808 480	8 029 618	3 790 000	9 597 540
25 Fremført til inndekning i senere år(udekkt beløp)	0	0	0	0

4.12 Gjeld og utlån

Den langsiktige gjelda til ekskl. pensjonsforpliktingar har auka med kr 84,6 mill frå 2020-2021. Lånegjelda er ved utgangen av 2020 på kr 468,71mill.

Det er i løpet av 2021 betalt kr 10,98 mill i ordinære avdrag på kommunen si lånemasse og kr 0,66 mill i avdrag på Husbanklån til vidare utlån.

Fjaler kommune hadde ved utgangen av 2021 fastrente på 50,5 % av låneporlefølja.

Ved utgangen av året var gjennomsnittsrenta i porleføljen 1,31%.

Referanserenta låg på 1,85% medan 3 mnd Nibor var 0,95%.

Portefølja sin durasjon var ved utgangen av 2021 på 1,5 år

Bank	Instrument	Beløp	Forfall	Rente	% av portefølje
Sparebank1 Markets	Sertifikat	59 800 000	2022	0,63 %	12,76 %
Kommunalbanken	Flytande rente	63 815 000	2023	1,18 %	13,61 %
Kommunalbanken	Fast rente	67 859 028	2022	1,95 %	14,48 %
Kommunalbanken	Fast rente	60 722 000	2024	2,19 %	12,95 %
DNB	Sertifikat	100 000 000	2022	0,53 %	21,33 %
Kommunalbanken	Fast rente	108 345 940	2026	1,61 %	23,12 %
Husbanken startlån	Flytande rente	159 082	2025	0,72 %	0,03 %
Husbanken startlån	Flytande rente	497 244	2026	0,72 %	0,11 %
Husbanken	Lån med rentekomp	102 110	2022	0,22 %	0,02 %
Husbanken startlån	Flytande rente	590 902	2029	0,72 %	0,13 %
Husbanken startlån	Flytande rente	840 899	2031	0,72 %	0,18 %
Husbanken startlån	Flytande rente	1 701 209	2033	0,72 %	0,36 %
Husbanken startlån	Flytande rente	1 548 475	2040	0,72 %	0,33 %
Husbanken startlån	Flytande rente	2 735 553	2039	0,72 %	0,58 %
Sum		468 717 442		1,31 %	100,00 %

Totalt disponerte ubrukte lånemidlar ved utgangen av året er på kr 26,2 mill, dette er ein auke i høve 2020 på kr 16,6 mill. Hovudårsake til auken i ubrukte lånemidlar er låneopptaket på delar av beredskapsbygget.

5 Oppvekst

1 Om Sektoren

Eining	Namn	Merknad	Årsverk	Barn/elevtal
Kommunedirektøren	Ingvard Flekke, kommunalsjef		2,4*	
Dingemoen skule Fjaler ungdomsskule Vaksenopplæring	Eli-Terese Sande, rektor	Felles ny lokasjon frå august 2021	36,7	177 elevar
			15,2	80 elevar
				9 elevar
Flekke skule og barnehage	Magnhild Hoddevik, rektor		17,6	24 barn 42 elevar
Våge skule	Anne Erstad, rektor	Gøril Fristad rektor frå 2022. Vert felles leiar for skule og barnehage frå august 2022.	12,5	48 elevar
Våge barnehage	Kristin Strømberg, Konstituert styrar		6,9	17 barn
Yksnebjør barnehage	Turid Straume, styrar	Ny som styrar haust 2021	18,4	56 barn
PPT	Berit Bjørnsen, leiar	Felleskontor for 5 Kommunar. Gulen og Masfjorden ut av samarbeidet ved nyttår.		
Hyllestad og Fjaler kulturskule	Mats Willemoes Systaddal, rektor	Hyllestad vertsommune	7 tilsette	Elevplassar i Fjaler 1.12.21 20 stk teater 17 stk visuell kunst 85 dans 92 musikk
Flyktningstenesta	Elisa Hadeland Florence Hamper	10 nye busette seint i 2021	2	Av desse 7 barn
Elvetun barnehage (privat)	Anny Holm, styrar og barnehageeigar	Fjaler kommune er barnehagemyndigheit		38 barn

*1 stilling Hafs oppvekst, 0,2 hovudtillitsvald, 0,2 barnehage

Tal elevar i grunnskulen er omtrent på same nivå som i 2020

2 Økonomi

	2020	2021
Rekneskap	71 179	75 247
Budsjett	71 667	74 909
Avvik	-488	338

Rekneskapen for 2021 viser eit overforbruk på kr. 338 000. Jamt over har det vore god budsjettstyring og –disiplin. Det største avviket (600) har flyktningstenesta, då det var venta

fleire flyktningar tidlegare på året. Dette gjer seg utslag i mindre inntekter dette rekneskapsåret. Yksnebjør barnehage og administrasjon oppvekst har hatt eit overforbruk kvar på kr. 300`. Barnetalet i barnehagane varierer frå år til år. Vi har ein praksis på å ta inn barn utanom hovudopptaket, difor kjem det og barn til i løpet av året. Dette har i 2021 utløyst ekstra bemanning. I administrasjon oppvekst skuldast overforbruket mest kjøp av elevplassar i andre kommunar, spes.ped barnehage og drift av Guddal skule (m.a. fiber og telefon som det var lang oppseilingstid på).

Vi ser og at utgifter til spesialpedagogiske tiltak på alle skulane er høgt. Enkelte år må vi midt i skuleåret setje inn ekstra tiltak, som vi måtte i 2021. Andre år kan vi greie å lette på tiltaka. PPT og skulane har eit felles mål om å få behovet ned. Vi er at det er lite styrka tiltak i barnehagane. Kanskje bør vi inn med styrking og kompetanse der for at behovet seinare skal bli redusert?

3 Arbeidsgjevar

3.1 Årsverk

Totalt sett har oppvekst ein liten nedgang i tal årsverk
 Dingemoen og Fjaler ungdomsskule har 1,5 årsverk mindre enn året før.
 Flekke skule og barnehage har 1 årsverk meir enn året før
 Våge skule og Våge barnehage er omtrent som året før
 Yksnebjør barnehage har 1,7 årsverk ned.

Vi har god variasjon i alderssamsetjinga i oppvekstssektoren. Dei nærmaste åra vil det ikkje bli urovekkande mange som når pensjonsalder. Framfor oppstart av nytt barnehage- og skuleår har vi hatt god utteljing på rekruttering, og utdanningsnivået er høgt. Når vi har hatt ute ledige stillingar i løpet av året har det ikkje vore enkelt å få søkjarar. Utfordringa i kvarvarden er å få vikarar, både til kort- og langtidsfråvær. Dette brukar leiara mykje tid på.

Vi har hatt fleire lærarar som tek vidareutdanning med vikarordning. Dei får redusert stillinga med 37,5% med full betaling, medan kommunen får refundert mesteparten av utgiftene.

3.2 Sjukefråvær

Sjukefråvær 2021

Arbeidsstad	Totalt fråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Oppvekst	7,46 %	1,16 %	0,56 %	1,67 %	5,79 %

Totalt fråvær er høgt. Oppvekst og fl.teneste ligg på omtrent same nivå som helse. Vi har ein auke på 0.8%-poeng frå 2020 då totalt fråvær var 6,61%. I 2019 var fråværet 7,2%. Vi har i 2021 hatt ein markert nedgang i korttidsfråværet 1-8 dagar. Sjukemeldt fråvær, og då særleg det over 57 dagar har hatt ein stor auke (1%poeng). Vi meiner vi har gode rutinar for oppfølging av sjukemelde, og vi har tett dialog med sjukemeldt arbeidstakar og Nav. Såleis meiner vi at vi har god innsikt i om fråværet er arbeidsrelatert eller ikkje. Om det er arbeidsrelatert så pliktar vi å legge til rette så godt som mogleg. I nokre tilfelle greier vi å legge til rette, i andre er det ikkje mogleg. Men vi må ha fokus på arbeidsnærvær og arbeidsmiljø.

Høgste fråværet har vi blant tilsette i barnehagane og på Dingemoen skule 1-7.

3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Vi gjennomførte medarbeidarundersøking i 2020, med god svarprosent. Av ulike grunnar har verken administrasjon eller einingar greidd å setje av tid til å følgje dette opp på tilfredstilande måte.

Oppvekst er med i Inkluderande barnehage- og skolemiljø (IBS) i regi av Utdanningsdirektoratet.

Dette vil vi greie å kople opp mot medarbeidarundersøkinga, då IBS har fokus på fellesskap i personalet og korleis skape eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø.

4. Tenestene

Inkluderande barnehage- og skolemiljø. Alle skulane og barnehagane er med på dette opplegget i regi av Udir. Går over fleire år. Vi arbeider òg med å få til ein god plan på Vald og truslar i skulen.

Tilsyn frå Statsforvaltaren på Våge skule og Dingemoen skule. Tilsynet gjekk på Trygt og godt skolemiljø og rutinane skulane og skuleeigar hadde rundt det. Det var eit lærerikt tilsyn der vi fekk avvik på nokre punkt i første omgang, avvik som gjekk mest på dokumentasjon. Alt har blitt lukka, og tilsynet har blitt avslutta.

Nasjonale prøver

Vi skal ikkje alltid legge for stor vekt på slike prøver. I alle fall ikkje sjå på berre eitt år. Vi har og ein «politikk» på at flest mogleg skal ta prøvene. Dette er ikkje alltid likt i alle kommunar/skular. Men om vi ser statistikk over fleire år, så kjem det tydeleg fram at resultata i engelsk på 5. trinn er lågare enn landsgjennomsnittet. Her må vi sjå på korleis engelskundervisninga er lagt opp allereie frå 1. trinn på barneskulen. Når elevane kjem til 8. trinn er resultata blitt betre. Så det vert henta inn. I rekning har vi hatt gode resultat over tid både på barnetrinn og ungdomstrinn, men litt svake resultat akkurat dette året på 8. trinn.

Engelsk 5. trinn. Fjalerskulen er også i år under snittet for landet. Vi har mange fleire på nivå 1 enn gjennomsnittet. På nivå 3 (høgst) har vi omtrent like stor del. I engelsk har vi i fleire år lege lågt samanlikna med andre. Vi ser ein liten stigning frå dei 2 siste åra. Alle skulane i Fjaler er omtrent på same nivå.

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	49,0	46,0	45,0	46,0
Vestland				50,0

(Snittet er 50)

Engelsk 8. trinn. Vi er litt under snittet for landet. Vi har fleire i nivå 1 og 2 og færre i nivå 5 (høgste nivå).

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	48,0	48,0	51,0	47,0
Vestland				50,0

Lesing 5. trinn. Her er vi omtrent på snitt for landet. Vi har litt færre på høgste nivå, og litt færre på lågaste nivå. Utviklinga går her rett veg ved at færre er på lågaste nivå.

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	51,0	48,0	46,0	49,0
Vestland				49,0

Lesing 8. trinn. Litt undersnitt dette året. Vi har færre på dei to høgste nivåa, medan størsteparten ligg på mellomnivåa.

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	51,0	48,0	50,0	53,0

	2018	2019	2020	2021
Vestland				49,0

Lesing 9. trinn. Godt over gjennomsnitt. Ingen på lægste nivå

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	54	55	51	54
Vestland				53

Rekning 5. trinn. Her er på landsgjennomsnittet, men med færre elevar på nivå 1.

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	49,0	50,0	48,0	50,0
Vestland				50,0

Rekning 8. trinn. Under landssnittet. Mange på lågaste nivå, og få på høgste.

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	52,0	51,0	50,0	52,0
Vestland				50,0

Rekning 9. trinn. Markert over snittet. Mange på høgste nivå.

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	56	55	55	54
Vestland				53

Elevundersøkinga

Dette er ei undersøking som vert gjennomført årleg med alle elevar frå 5. trinn og oppover. Det er ein viktig indikator for skolemiljøarbeidet, der stemma til eleven kjem fram. Det som er ekstra gledeleg ved sist undersøking er at vi scorer svært høgt på trygt miljø. Det viser at arbeidet som vert gjort på skulane opp mot dette er godt. Det vart dette året spurt særleg opp mot korona-pandemien, og dei fleste elevane svarer at det har påverka litt eller ikkje i det heile. Det viser at vi trass alt har levert ein god skule sjølv i vanskelege tider. På elevmedverknad scorer vi lågt. Det har vi alltid gjort. Her trur vi at noko av grunnen er at skulen ofte ikkje får fram definisjonen av elevmedverknad. Eit anna punkt vi gjerne skulle hatt høgre er motivasjonen. Litt får få gleder seg til å gå på skulen.

Eksamens for 10. trinn vart avlyst for andre år på rad

Foreldreundersøking i regi av Udir vart gjennomført i barnehagane. Trass i god informasjon og gjentekne purringar, så var svarprosenten ikkje så god som vi skulle ynskje (40-50%). Av dette meiner vi at vi får for dårleg grunnlag til å få noko fullgodt ut av undersøkinga. Men av dei som svarte på undersøkinga så var det jamt over god score for barnehagane. Det som vart mest bemerka negativt var bringe- og hentesituasjonen. Men her har vi hatt eit spesielt år med korona-restriksjonar, og det har føresette hatt god forståing for.

Flyktningtenesta har hatt mykje endring i 2021, grunna ny integreringslov. Vi måtte tenke nytt høve gjennomføring av introduksjonsprogram og koorinering av nye standardiserte element. Begge tilsette har starta autorisering i ICDP foreldrerettleiing i september 2021, og vil bli ferdige etter plana i juni 22. Dette er tenester som kommunen etter ny integreringslov er pålagde å gje, og det krev mykje ressursar i tillegg til det som må følgjast opp i høve vaksenopplæring, gjennomføring av sluttmål, norsk, samarbeid med fylkeskommunen, integreringsplan, kompetansekartlegging, bustad og busetjing.

Kulturskulen har hatt auke i tal elevplassar i Fjaler. Det har blitt satsa meir på gruppeundervisning enn tidlegare, dette gjer at timane vert billegare å drifta. Teater er ein «ny» aktivitet som har blitt populær. Kulturskulen leverer som alltid gode tenester, og kvart år er det som oftast 1 eller fleire tidlegare elevar som vert lagt merke til, også utanom Fjaler.

5 Kostra

Barnehage

	Fjaler 2020	Fjaler 2021	Vestland	Kostragruppe 06	Landet uten Oslo
Prioritet					
Barnehage brutto driftsutgifter <u>beløp pr innb (kr) **)</u>	11 846	11 769	10 668	13 077	10 671
Netto driftsutgifter per innbygger <u>1-5 år i kroner, barnehager (B) **)</u>	197 023	204 269	186 971	224 699	183 690
Produktivitet					
Andel årsverk barne- og ungdomsfagarbeider	34,7 %	34,5 %	19,3 %	23,6 %	21,7 %
Kvalitet					
Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m ²)	8,2	8,4	5,8	8,5	5,9
Økonomi					
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Barnehage	7 708	8 249	5 688	9 621	5 896

**) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov

Driftsutgiftene i barnehagane våre ligg godt under driftsutgiftene til samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, men vi ligg over snittet i Vestland og landet elles. Sett opp mot Vestland og landet, så har vi i gjennomsnitt små barnehagar. Og små barnehagar har litt større kostnader. Vi har god kompetanse blant dei tilsette, med høg del fagarbeidarar. Vi har og teke med leike og oppholdsareal i barnehagane, her er vi omtrent på nivå med andre i kostragruppe 6.

Grunnskule

	Fjaler 2020	Fjaler 2021	Vestland	Kostragruppe 06	Landet uten Oslo
Prioritet					
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger korrigert for elever i pri **)	14 462	15 956	15 923	18 498	15 282
Netto driftsutgifter i prosent 202 grunnskole (B)	18,2 %	19,0 %	19,2 %	17,3 %	19,0 %
Netto driftsutgifter i prosent 222 skolelokaler (B)	2,9 %	2,9 %	4,2 %	3,8 %	3,9 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år **)	105 520	113 915	101 694	121 803	99 104
Dekningsgrad					
1.-4. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	23,0 %	36,2 %	13,1 %	16,2 %	13,5 %
5.-7. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	18,5 %	30,7 %	20,0 %	23,0 %	20,9 %

8.-10. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	31,5 %	32,1 %	19,6 %	22,7 %	20,8 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	9,3 %	9,3 %	7,5 %	10,1 %	7,9 %
Andre nøkkeltal					
Andel lærere i heltidsstilling	81,3 %	81,3 %	72,9 %	69,2 %	73,4 %
Andel lærere som er 40 år og yngre	56,3 %	56,3 %	47,1 %	38,7 %	45,1 %

***) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov*

Vi har ein auke i driftsutgiftene frå året før. Lønsauke og -kostnader er hovudgrunnen. Utgiftene til spesialundervisning har auka kraftig. Ser vi på tal elevar som får spesialundervisning, så er vi under %-delen for kostragruppa. Dette betyr at elevane som får spesialundervising får mange timar. Om vi ser det opp mot styrka tilbod til barnehagebarn, så har vi låge utgifter der samanlikna med andre. Kva er grunnen til at vi brukar mykje midlar til spesialundervising i skulen, men lite på styrka tiltak i barnehagen? Bør vi inn tidlegare med styrka tiltak? Har vi god nok observasjons- og kartleggingskompetanse på barnehagebarn? Har vi god nok kompetanse på å ta oss av 6-åringane når dei begynner på skulen? Vi er i gang med kartlegging av kompetanse, både formell og realkompetanse, i PPT, barnehagane og skulane.

Om vi ser driftsutgifter totalt per elev, så ligg vi under kostragruppa, men over Vestland. Vi har ein stor del yngre lærarar, noko som gjer at vi forhåpentlegvis ikkje treng så stor utskifting i åra som kjem. Det er og positivt at vi har stor del tilsette i heiltidsstillingar.

6 Andre nøkkeltal

7 Utfordringar framover

Vi har god grunnbemanning i barnehagane, skulane, ppt og kulturskulen. Men med høgt sjukefråvær og mange kortare eller lengre permisjonar så er det på alle einingar utfordrande å få tilkallingsvikarar. Det har blitt ekstra vanskeleg det siste året. Dette fører igjen til at leiar må gå mykje inn som vikar på avdelingar eller klassar. Noko som då fører til mindre tid til leiing, mindre oppfølging av tilsette og at utviklingsarbeid vert sett på vent.

Den største utfordringa i Flekke skule og barnehage er at der er for liten plass. Både barnehagen, skulen og personalet treng større areal og fleire rom for å tilfredsstille dagens krav. Barnehagen greier heller ikkje å tilby barnehageplass til alle som ynskjer dette, av same grunn. Det er også utfordrande å få tak i vikarar både i barnehagen og i skulen, uansett lengda på fråværet.

For Våge skule og barnehage sin del så vert det sannsynlegvis få barn (under 6 barn) på SFO hausten 2022. Truleg vil det ta seg opp att hausten 2023. Behovet for vedlikehald er òg stort. Barnehagen har god plass. Å få tilkallingsvikarar er ikkje lett.

Dingemoen: Vi har nokre store årskull etter kvarandre og det fører til utfordring i høve klasseromsstorleik. På avdeling 5-7 vil vi til hausten få 97 elevar – 18 + 18 på 5.trinn, 16 + 16 på 6.trinn og 15 + 16 på 7.trinn. Med to av seks klasserom på 36 kvm, og eitt på 42 kvm vert det utfordrande. Men vi lyt prøve å vere kreative og utnytte både spesialrom og uterom godt. Rekruttering vert ikkje enklare framover. Å få rett kompetanse på rett plass er ei utfordring.

Yksnebjør barnehage. Det har vore og vil bli utfordringar med å skaffe nok personale til nye barn som kjem til utanom hovudopptaket. Nokre av desse vil trenge tett oppfølging m.o.t. språk mm. Der greier vi ikkje alltid å komme inn med tidleg innsats som vi vil få igjen for seinare. Det er og store utfordringar med å skaffe vikarar. Sjukefråværet i barnehagane er høgt.

Bustadar til flyktningar har vore ei stor utfordring. Vi driv no ei større kartlegging i kommunen. Ukraina-krisa og talet på flyktningar vi reknar med å ta i mot i 2022 vil utfordre tenestene våre særleg m.o.t. personale og kompetanse. 55 flyktningar i 2022 er nesten like mange som vi har busett totalt sidan 2015. I barnehagane, skulane og flyktningtenesta vil det bli behov for meir ressursar. Ressursar som vi høgst sannsynleg får dekka økonomisk, men ressursar som kan vere vanskeleg å finne. Barnehagane har ei bemannings- og pedagognorm å følgje, skulane er pliktige å gje opplæring tilpassa elevane som kjem, og flyktningtenesta skal følgje opp alle på ein god måte slik at dei vaksne kjem seg fort i utdanning eller arbeid.

PPT. Utfordringar framover er aukande tilviste individ og systemsakar, som er større og meir komplekse. Fagrådet har gått inn for å redusere med ei stilling frå 01.01.22. Sjølv om barne-/elevtalet i kommunane går ned, ser vi ei auke i tilviste einskildsaker. Årsaksbilete er nok samansett, men speglar gjerne utfordringar vi elles ser i samfunnet. PPT erfarer ei auke i saker som omhandlar åtferd og sosio-emosjonelle vanskar som er tidkrevjande, samansette, konfliktfylte og som er ei belastning for alle involverte. PPT skal gradvis overta Statped sine oppgåver i kommunane jf kompetanseløftet 2020-2025. Dette inneber at kommunane har naudsynt kompetanse i barnehagar, skular, PPT, skulehelsetenesta m.m. Dette igjen vil medføre auka ressursbruk utan at kommunane veit korleis, eller om det vert kompensert.

Kulturskulen har hatt utfordringar med å få dirigent til korps. Dette har gjort at den gode satsinga for skuleelevar for nokre år sidan har blitt sett tilbake. Men vi prøver på nytt i 2022. Vi har stillingsannonser ute og treng å få søkerar til dei for å kunne halde oppe same tilbodet som i dag.

6 Helse og omsorg

1 Om sektoren

Helse og omsorg er delt inn i sju eininger: Tenestekontor/fellesteneste, heimetenester, sjukeheim, miljøteneste, helsetenester, HAFS barnevern-teneste og NAV. I tillegg ligg utgifter til kjøp av VTA plasser hos Vevang dagsenter. Vi har også interkommunal legevakt og krisesenter.

Alle leiarane rapporterer til kommunalsjef helse og omsorg etter ny organisering.

2 Økonomi

	2020	2021
Rekneskap	101 240	114 532
Budsjett	102 609	113 423
Avvik	-1 369	1 109

Tal frå rekneskapen viser eit overforbruk på 1 109 000 kroner, dette er 0,98 % avvik. Utgifter knytt til koronapandemien utgjer 1,2 millionar. Dette får kommunen refundert, men er ikkje ført i helse og omsorg sitt rekneskap.

Det er avvik innan følgjande områder:

- Koronapandemien (vaksinering, smittesporing m.m) ekstra kostnader som ikkje var budsjettert.
- Mindre refusjon på ressurskrevjande tenester. Noko grunna tekniske føringar på pensjonsutgiftene.
- Heimetenesta har eit overforbruk då dei har ekstra bemanning på kveld og helg, noko som var forventa då tal brukarar og vedtak har auka. Dette har ført til at innbyggjarar får bu heime lengre og sjukeheimen har hatt underforbruk grunna lågare pasienttal enn forventa.

3 Arbeidsgjevar

3.1 Årsverk

Eining	Årsverk	
	2021	2020
Fellesteneste	20,50 årsverk	10,57 årsverk
Heimeteneste	20,8 årsverk	20,8 årsverk
Sjukeheim	39,91 årsverk	38,83 årsverk
Miljøteneste	26,1 årsverk	24,6 årsverk
Helseteneste		
Psykisk helse	4,75 årsverk	4,75 årsverk
Helsestasjon	3,3 årsverk	3,3 årsverk
Legekontor	5 årsverk	5 årsverk
Fysio – ergoterapi	5 årsverk	5 årsverk
Barneverneneste	8, 5 årsverk	8, 5 årsverk
NAV Fjaler	3 kommunale årsverk. 2 faste stillingar, 1 midlertidig/vikar	2 kommunale årsverk

Vi er i starten av eit arbeid med ein kompetanse- og rekrutteringsplan. Alderssamsetninga er høg, særleg blant helsefagarbeidarar.

Fellesteneste har ei auke i årsverk grunna avslutta avtale med privat tilbydar og oppretting av eigne stillinger.

Sjukeheimen har auke i årsverk grunna intern justering der ein har ført ekstravaktkostnader over til fastløn. Dette har ikkje medført auka kostnader. Tilpassa bemanning etter behov.


Miljøtenesta har auke i årsverk. Det er auke i tenester til barn og unge, samt andre brukarar med auka behov.

3.2 Sjukefråvær


	Totalt sjukefråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Helse og omsorg 2019	6,65 %	1,13 %	0,39 %	1,52 %	5,13 %
Helse og omsorg 2020	7,03 %	1,45 %	0,66 %	2,11 %	4,92 %
Fjaler kommune 2020	6,80 %	1,41 %	0,58 %	1,99 %	4,81 %
Helse og omsorg 2021	7,06 %	1,22 %	0,51 %	1,73 %	5,34 %
Fjaler kommune 2021	7,15 %	1,15 %	0,49 %	1,64 %	5,51 %

Sjukefråværet for helse og omsorg har ei lita auke samanlikna med fjaråret. Særskilt langtidsfråværet har auke. Eigenmeldt sjukefråvær er lågt på tross av pandemi.

Sjukefråvær 2021 sett opp mot sjukefråvær 2020 for helse og omsorg:



Sjukefråvær helse og omsorg samanlikna med sjukefråvær Fjaler kommune:



3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Einingane i helse og omsorg jobbar med oppfølging av medarbeidarundersøkinga 10-faktor. Dei ulike tenestene har valt innsatsområde ut frå kva dei meiner er viktigast å jobbe med på tenestestaden. Døme på valde faktorar er meistringsorientert leiing, autonomi, rolleklarheit og fleksibilitetsvilje. Arbeidet med 10-faktor skal danne grunnlag for utvikling på tre nivå:

- Leiarutvikling
- Medarbeidarutvikling
- Organisasjonsutvikling

Så langt i arbeidet kan ein sjå at involvering og refleksjon skapar bevisstheit kring eiga rolle og ansvar, og har positiv innverknad på utviklings- og endringsarbeid.

4. Tenestene

Viktige tiltak som er gjennomført i tenestene 2021:

Helse og omsorg	
Arbeid med reforma Leve heile livet	Digitale møte med Statsforvaltaren med fokus på innsatsområde og frivillighet. Førebuing av planarbeid. Deltaking i nasjonalt læringsnettverk Gode pasientforløp.
Korona	Korona har vore eit tidkrevjande og ressurskrevjande arbeid gjennom heile året, med vaksinering, smittesporing, isolering av pasientar, testing m.m.
Medlevarturnus, BPA tiltak	Driftar tenester som tidlegare vart kjøpt av privat firma, tilsett personale i medlevarturnus.
Ny responscenterløysing- velferdsteknologi	Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommune, alarmsentral og NetNordic. Løysinga vart implementert i Fjaler i midten av november, og gir auka moglegheiter og tilgang til velferdsteknologi.
Velferdsteknologi til barn og unge	Fjaler har vore spydspisskommune i e-helse Vestland sitt program for Velferdsteknologi til barn og unge med medfødde eller tidleg erverva funksjonsnedsetting. Programmet er ein del av Nasjonalt velferdsteknologiprogram NVP, og er etter kvart utvida til også å gjelde vaksne. Dette er eit pågående prosjekt ut 2024.
Kompetanseheving	Vidareutdanning innan lymfedrenasje for ein fysioterapeut for å kunne yte naudsynt helsehjelp til rehabilitering av kreftpasientar. Dette er eit samarbeid mellom HAFS kommunane.

	<p>Kompetanseheving innan kurativ behandling i form av trykkbølgebehandling, samt kompetanseheving innan friskliv ved kursing i motiverande intervju for fysio-/ergotenesta.</p> <p>Har fått tilskot til kompetansehevende tiltak innan kreft og palliasjon; Undervisning i tverrfaglege grupper.</p> <p>Miljøtenesta har samarbeida tett med vaksenhabiliteringa i spesialisthelsetenesta for kompetanseheving innan bruk av tvang og makt, miljøarbeid og aldring hjå personar med utviklingshemming.</p> <p>Framhald av utdanning av assistenter til helsefagarbeidarar. Ulike typar ABC-kompetanseheving.</p> <p>Vi har hatt fire ordinære helsefaglærlingar gjennom året. Alle som har gått opp til fagprøve har bestått.</p> <p>Fire av dei som starta på det interkommunale vidareopplæringsprogrammet for minoritetsspråklege frå Fjaler på Dale vgs i 2017 har fått fagbrev som helsefagarbeidar sommaren 2021.</p> <p>Kurs for leiarar gjennom KS – oppfølging i sjukefråvær.</p>
Rehabilitering og habilitering	I helsestrategiplanen er rehabilitering og habilitering eit av dei viktigaste prioriteringsområda for at innbyggjarane skal få bu heime lengst mogleg.
Oppvekstreforma 2022 – tidleg innsats	Det har vore mykje fokus på oppvekstreforma som tredde i kraft i 2022. I korte trekk skal denne reforma bidra til at kommunane får meir ansvar (økonomisk og fagleg) for barnevern, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for barn og unge. Oppretta samarbeid i HAFS-kommunane og lage ein plan for å innføre reforma. Denne planen skal handsamast politisk . Barneverntenesta deltek i to læringsnettverk for å imøtekomme barnevernreforma. Dette er med midlar frå Statsforvaltaren og begge nettverka er i samarbeid med andre kommunar. Tenesta har fått fleire rettleiingsmetodar, og nokre tilsette er i utdanningsløp.
Nettverk på tvers av kommunegrense	Kommunalsjef nettverk, Samhandling innan dei ulike NAV kontora, HAFS barnevern.
Samhandling mellom kommunen og spesialisthelsetenesta	Tenestesamhandling mellom Helse Førde og NAV-region Sunnfjord. Arbeid med helsefellesskap, ambulansestruktur, gode pasientforløp og evaluering av samhandlingsavtaler.
Tverrfagleg team	Det er oppretta tverrfagleg team på tvers av ulike einingar for barn og unge.
Handlingsplan for sjølvmordsførebyggande arbeid	Kommunen har vedteke handlingsplan for sjølvmordsførebyggande arbeid.

Utviklingsprosjektet NAV-region Sunnfjord	Utviklingsprosjektet i NAV region Sunnfjord starta opp i juni 2020 og skal levere sin sluttrapport innan 31.12.22. Prosjektet gjeld koordinering av tenester til arbeidsgjevarar og sjukemelde i regionen.
Brukundersøking	Praktisk bistand, Vevang produksjon for heimeteneste

5 Kostra

Heimetenesta:

	2021	2020
Helsehjelp i heimen	143 brukarar	131 brukarar
Praktisk bistand	59 brukarar	64 brukarar
Dagopphald	19	17
Omsorgsboligar	21 bustader, alle i bruk	21 bustader, alle i bruk
Dosetter	81	70

Heimetenesta har ei jamn auke av tenester gjennom året.

Sjukeheim:

	Fjaler 2021	Fjaler 2020	Vestland 2021	Landet utan Oslo 2021
Brutto driftsutgifter per sjukeheimslass	1 092 077	966 359	1 352 399	1 424 285

Driftsutgifter per sjukeheimslass har auka, men er framleis låg samanlikna med kommunane i Vestland og elles resten av landet.

Fjaler sjukeheim har 39 plassar fordelt på 36 pasientrom, og i tillegg 5 rehabiliteringshybler.

Dekningsgrad	2021 (36 rom)	2020 (36 rom)	2019 (39 rom)
Dekningsgrad totalt på institusjon	89,66 %	95,8 %	92,6 %
Dekningsgrad totalt på institusjon + rehab.hybler	84,70 %	85,3%	79,8%
Korttidsopphald	50 opphold (Av desse var 30 rehabiliterings-opphald)	33 opphold (Av desse var 27 rehabiliterings-opphald)	65 opphold (Av desse var 53 rehabiliterings-opphald)
Fast opphold	21 brukarar	21 brukarar	21 brukarar
Venteliste fast opphold	Under 5 brukarar	10 brukarar	11 brukarar
Overliggedøgn i spesialisthelsetene ta	1 døgn	0 døgn	0 døgn
Kjøp av institusjonslass i andre kommunar	0%	0 %	0 %
Andel innbyggjarar 80 år og over som er	Fjaler: 10,4% Landet u/Oslo 10,8%	Fjaler: 15,2% Vestland : 12,2%	

bebuarar på Sjukeheim		Landet u/Oslo : 11,2%	
Middagsombering	42 innbyggjarar	35 innbyggjarar	

Dekningsgrad på sjukeheimen er noko lågare enn i 2020, grunna stort fråfall.

Miljøteneste:

	Kommentar	2021	2020	2019
Miljøtenesta	<i>Inkl. barn/unge</i>	45 brukarar	41 brukarar	33 brukarar
Omsorgsbustad	<i>7 husvære i bufellesskap</i>	15 kommunale bustader	15 kommunale bustader	15 kommunale bustader
Barn og unge		17 personar	13 personar	
Støttekontakt		7 personar har innvilga støttekontakt.	7 personar har innvilga støttekontakt	
Avlastingsdøgn		201	270 døgn	
Avlasting ettermiddag/kveld		778 timer		
Dagsenter Vevang	<i>Mange har redusert tilbod grunna alder</i>	11 personar	11 personar	12 personar
1:1 bemanning og 2:1 bemanning inkludert BPA		8 personar	8 personar	
VTA, arbeidstilbod Vevang produksjon	<i>Fleire har redusert tilbod grunna alder</i>	13	12 personar har arbeidstilbod der	

Tenester til barn og unge har hatt ei auke i tal søkerar utan diagnose utviklingshemming.

Det er auka tenester på avlastning ettermiddag/kveld hjå barn og unge.

Barneverntenesta:

	Fjaler 2021	Fjaler 2020	Vestland 2021	Landet utan Oslo 2021
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år	6 825kr	6 443 kr	8 874 kr	8 313 kr
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år	3,2 %	2,9 %	3,6 %	4,3 %
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år	4,0 %	3,1 %	3,7 %	4,4 %
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	19,6 personer	26,5 personer	15 personer	16,3 personer
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar	100 %	89 %	93 %	91 %

Vi har ei auke i melde saker sidan 2020 og ligg nærrare snittet for landet no, også på tal
undersøkingar. Vi ligg framleis noko høgare med antal saker pr. tilsett. Vi har ikkje hatt nokon
fristbrot i 2021.

NAV:

NAV Fjaler – indikatorar	2018	2019	2020	2021
Tal sokjarar til sosialhjelp - familiemedlemmer er ikkje medrekna	51	55	43	40
Mottakarar av sosialhjelp utover 6 månader - også mottakarar av supplerande stønad	15	16	8	4
Mottakar av økonomisk sosialhjelp 18 – 24 år	3	3	3	0
Barn i familiar med økonomisk sosialhjelp	24	24	25	32
Kvalifiseringsprogrammet (KVP) – tal deltararar - måltal 3,1 frå Statsforvalteren	0	1	1	4
Nye vedtak økonomisk rettleiing/gjeldsproblem - § 17 vedtak Lov om sosiale tenester i NAV	12	14	14	6

Det er ein auke i tal barn i familiar med økonomisk sosialhjelp. Familiene har eigne inntekter, men treng i kortare periodar supplering. Ingen langtidsmottakarar av stønad i denne gruppa.

6 Andre nøkkeltal

Kommunal akutt døgnseng i Førde: Lovpålagt døgnteneste som alle kommunar må tilby, jf. HOL § 3-5 tredje ledd. Teneste for pasientar som treng observasjon og behandling, men ikkje spesialisert behandling i sjukehus. Vi samarbeider med fleire kommunar og vi har totalt 8 plassar saman. Fjaler brukar desse plassane svært lite.

FysioErgo-tenesta	2019	2020	2021	2019	2020	2021	2019	2020	2021
	1. tertial			2 tertial			3. tertial		
Tal brukarar med individuell fysio-og frisklivsoppfølging.	133(¤)	118(¤)	146	194(¤)	172(¤)	209	242	243	268
Tal konsultasjonar v. kurativ fysioterapi, friskliv, re- og habilitering, heimebehandling/kvardsdagsrehabilitering	1219	738	1283	2335	1548	2408	3531	2731	3615
Tal tilviste hjelphemiddelsaker		31	45		79	90		115	129

Både tal tenestemottakarar og konsultasjonar blir henta ut frå ProMed sitt statistikkprogram. Tal tilviste hjelphemiddelsaker henta frå ergoterapeut si oversikt.

(¤) justerte tal ved kontrollmåling i samband med 3 tertial.

Helsestasjon	2019	2020	2021
Tal fødslar	25	22	28

Psykisk helse	2020	2021
Tal innbyggjarar med tenestar frå psykisk helse	33	32

Barnevern:

	HAFS			
	2018	2019	2020	2021
Meldingar som omhandlar vald og overgrep + vitne til vald	19 stk	20 stk	17 stk	39 stk

Meldingar om vald og overgrep har auka kraftig i 2021. Nokre av meldingane gjeld same barn, så det er ikkje 39 ulike barn. Dette er svært ressurskrevjande saker, men det er bra slike forhold vert fanga opp og meldt.

7 Utfordringar framover

Helse og omsorg	
Rekruttering	Vi har ledig to stillingar for legar og ledig 50 % stilling psykolog. Barnevernstenesta har vanskar med å rekruttere sosialfagleg kompetanse.
Kompetanse	Mange einingar innan helse og omsorg må arbeide aktivt for å auke kompetansen i tenestene.
Arealutfordringar	Jobbar med forprosjekt for omsorgsbustader. Men arbeidet må sjåast i ein samanheng med sjukeheim, heimetenester og helsetenestene. Behovet for omsorgsbustader aukar og fleire einingar har for lite areal. Det er eit ynskje at helsetenestene er samlokalisert.
Tenester til barn/unge	Auke i tal søkeradatar på tenester til barn/unge og familiar i psykisk helse. På helsestasjonen er det auke i tal ein til ein samtalar og tid helsejukepleiarane nytter til ein til ein samtalar med einskild elevar.
Ernæringsarbeid	Satsingsområde i fleire einingar.
Demensomsorg	Satsingsområde i fleire einingar.
Habilitering/rehabilitering	Satsingsområde i fleire einingar.
Oppvekstreform	Viktig å få på plass gode system for tverrfagleg innsats på tidleg stadium. Arbeid med plan for dette er i gang. Viktig med kjennskap og eigarskap til reforma i alle einingar.
Leve heile livet reform	Frivilligkeit er eit område som kan by på utfordringar.

7 Tekniske tenester

1 Om Sektoren

Teknisk kontor består av teknisk kontor, reinhaldssentralen, driftsentralen og brannvesenet. Teknisk kontor har hausten 2021 auka bemanninga på byggesak og det er tilsett ny leiar for driftsentralen.

2 Økonomi

	2020	2021
Rekneskap	17 390	19 781
Budsjett	15 105	18 973
Avvik	2 285	808

Teknisk har eit samla meirforbruk på 808 000 (4,26%). Meirforbruket skuldast i hovudsak høge kostnader til vintervedlikehald på slutten av året. Samla meirforbruk for teknisk drift er 1 239 000, der vegvedlikehaldet utgjer kr 1 089 000. I tillegg er det eit meirforbruk innanfor sjølvkostområde for vatn, avløp og feiling på kr 327 000 grunna mindre gebyrinntekter enn budsjettet. For teknisk kontor og reinhald er det eit mindreforbruk på 758 000 som medfører at det samla meirforbruket vert mindre.

Kommunale bygg

Det er eit stort etterslep på vedlikehald og mange bygg har behov for større rehabilitering. Det er høge utgifter til serviceavtalar, vedlikehald og byggenester. Høgast kostnad i 2021 er det for skule- og institusjonslokale. Ein har i deler av 2021 hatt ekstra inntekt som følgje av utleige av Hellevik skule og barnehage.

3 Arbeidsgjavar

3.1 Årsverk

Teknisk kontor: 8 tilsette (frå 01.09.21)

Driftsentralen: 5 tilsette (ny leiar byrja 01.08.21)

Reinhaldssentralen: 9 tilsette + 3 vikarar fordelt på 7 årsverk.

Brannvesenet: Deltid. Brannsjef ligg under teknisk kontor.

Teknisk kontor er styrka med ei ekstra stilling på byggesak og det vart tilsett ny leiar for driftsentralen hausten 2021. Teknisk hadde i 2021 3 tilsette over 60 år og ein av desse gjekk av med pensjon i 2021.

Fagleg utdanna reinhaldspersonell har vore ei utfordring og det vart difor gjennomført reinhaldskurs i 2021 der 4 av 7 påmeldte fullførte kurset. Desse 4 skal opp til fagprøve iløpet av 2022.

Rekkuttering av reinhaldarar, spesielt vikarar, samt sommarvikarar til driftsentralen har vore utfordrande dei siste åra.

3.2 Sjukefråver

	Totalt sjukefråvær	Eigenmeldt 1-8 dagar	Legemeldt 1-16 dagar	Sum korttidsfråvær	Langtidsfråvær >16 dagar
Teknisk 2018	13,8	0,8	1,0	2,1	11,3
Teknisk 2019	4,76	1,1	0,84	1,94	2,82
Teknisk 2020	9,82	1,08	0,48	1,56	8,26
Teknisk 2021	8,39	1,17	0,51	1,68	6,71
Fjaler 2021	7,15	1,15	0,49	1,64	5,51

Samla sjukefråvær for teknisk har gått ned samanlikna med 2020, men ligg litt over snittet for Fjaler. Korttidstfråværet er relativt stabilt og likt snittet for Fjaler. Langtidsfråværet er framleis høgare enn snittet i Fjaler, men det har gått ned samanlikna med 2020. Fråværet er høgst innanfor reinhald.

3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Gjennomført undersøking i 2020, med varierande svarprosent i einingane. Det tok lang tid før resultata var klare og presentert. Oppfølginga er av ulike grunnar ikkje følgt opp godt nok og arbeidet forstetter i 2022 med fokus på utvikling, rolleklarheit og eit godt arbeidsmiljø.


4. Tenestene

Dei største prosjekta og planarbeid i 2021:

- Ferdigstilling og opning av ny 1-10 skule på Dingemoen
- Oppstart bygging av ny brann og ambulansestasjon
- Utbygging av breiband der 2 av 3 prosjektorråder er klar til utbygging i 2022
- Ombygging Samvirke
- Prosjektering og detaljregulering av ny gravplass på Øyra
- Kommuneplanen sin arealdel – 3 høyring vinter 21/22
- Detaljregulering bustadområde på Bjerga
- Kompetanseheving – fagbrevkurs reinhald

5 Kostra


Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate



	2018	2019	2020	2021
Fjaler	93,945	102,493	94,301	107,616
Kostragruppe 06	100,206	104,611	112,794	118,516
Vestland			172,595	174,639

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Samla årsforbruk i kWt	2 996 245	3 139 303	3 019 876	3 017 885	2 960 198	2 891 479

6 Andre nøkkeltal



7 Utfordringar framover

Ei gjenntakande utfordringar er drift og vedlikehald av kommunale bygningar og vegar. Det har vore lite ressursar innan teknisk dei siste åra til å følgje opp denne forvaltinga. Budsjettetramma er auka, men det er eit stort etterslep på vedlikehald og mange bygg har behov for større rehabilitering. Høge kostnadar til vintervedlikehald gjev mindre til sommarvedlikehald. Store investeringprosjekt krev tett oppfølging frå prosjektleiar og det er utfordrande å ha nok ressursar til å gjennomføre gjennomføre alle prosjekta med god nok framdrift. Teknisk sitt saks- og ansvarsområde blir stadig større med nye oppgåver samt fleire og strengare krav til oppfølging og utredningar. Det er mange omfattande enkeltsaker som tek mykje tid og er krevjande å følgje opp. Det er også ressurskrevjande å følgje opp alle prosjekt og saker på ein god måte og innafor ei rimeleg sakshandsamingstid.

8 Fellestenester, administrasjon og landbruk

1 Om Sektoren

I denne sektoren ligg fellestenester for kommunedirektøren og utgifter til interkommunalt landbrukskontor.

Ansvar 100 – kommunedirektøren består av administrativ leiing, økonomikontor, personal og organisasjon, tillitsvalde, folkehelsekoordinator, sekretariat for regionrådet og politisk leiing. I tillegg ligg overføring av tilskot til kyrkja, Fjaler næringsutvikling og kjøp av tenester knytt til ikt, juridisk bistand, revisjon og sekretariat tenester knytt til kontrollutvalet.

Landbruk er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Askvoll (40%), Fjaler (40%) og Hyllestad (20%) der Askvoll er vertskommune.

2 Økonomi

	2020	2021
Rekneskap	17 175	8 611
Budsjett	18 974	9 943
Avvik	- 1 799	- 1 332

Samla sett kom sektoren ut med eit mindreforbruk på 1,33 mill. Den største årsaka til mindreforbruket er pensjon der vi har bruk mykje premiefond i 2021 jamfør k-sak 042/21. Bruken vart noko høgre enn budsjett. Bruk av premiefond er også ein stor del av forklaringa på avviket mellom 2020 og 2021

Landbrukskontoret hadde eit meirforbruk på kr 0,08 mill, dette skuldast i hovudsak underbudsjettering av lønsvekst og pensjon.

3 Arbeidsgjevar

3.1 Årsverk

Under ansvar 100 er der 11,33 årsverk fordelt på 13 tilsette. I septemeber fekk kommunen ny personalsjef. Fagleiar arkiv slutta før jul, denne stillinga er besatt men vedkomande vil først ta til i stillinga i august -22. Vi har i denne perioden inne ekstrahjelp som kan avlaste dei andre i kontoret.

På hausten vart leiaransvaret for Folkehelsekoordinator flytta og ligg no under kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling

Landbrukskontoret har 5 stillingsheimlar fordelt på samarbeidskommunane

3.2 Sjukefråver

Arbeidsstad	Totalt fråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Administrasjon	3,95 %	0,40 %	0,16 %	0,56 %	3,39 %

Dersom vi ser på utviklinga frå 2020 har området hatt ein aukepå ca 1% på langtidsfråværet, og ein liten nedgang i korttidsfråværet. Det er få tilsette på dette området samanlikna med andre områder i kommunen. Det vil sei at ein person utgjer ein stor % vis auke.

Vi er ikkje bekymra for utviklinga og slik det ser ut no vil vil tala for 2022 gå ned. Vi ligg framleis langt bak snittet for komunen og landet når det kjem til sjukefråvær.

3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Det er gjennomført undersøking med god deltaking. Det har blitt jobba noko med funna, men grunna rekruttering av ny personlsjef er arbeidet noko forsinka.

4. Tenestene

Store delar av 2021 har vore prega av pandemihandtering og vi har hatt faste møter kvar veke i beredskapsleiinga og med statsforvaltaren. Dette har gått på bekostning av framdrifta på ein del prosjekt innanfor ansvarsområdet til fagleiar for kvalitet og internkontroll og vi har difor måtte prioritere ned nokre prosjekt som utviklingsaktivitetar knytt til internkontroll- og kvalitetsarbeid, opplæring og arbeid med ny beredskapsplan. På personal og administrasjon har vi noko utskifting av personal, der vi har rekruttert ny personlsjef og ny arkivleiar.

Det blir stadig jobba med system for å få til digitale arbeidsprosessar på alle områder. Det er no innført forsystem på skule og barnehage som er integrert med lønssystemet. Dette lettar arbeidet for leiarane ute og for lønsavdelinga sentralt.

Vi har i 2022 flytta kvalitetssystemet over på ny plattform.

5 Kostra

Adm, styring og fellesutgifter

Prioritet	Fjaler 2020	Fjaler 2021	Kostragruppe 06	Vestland	Landet uten Oslo
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	6 354	6 761	8 970	4 899	4 530
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	466	488	886	482	533
Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	0	0	651	79	234
Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	155	226	509	365	392
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	461	499	383	115	133
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	942	1 136	1 003	409	433

Fjaler kommune ligg ein god del under kommunegruppa på administrasjonskostnader, men over snittet for landet og fylket. Dette er ikkje uvanleg i små kommunar. På revisjon og kontroll ligg vi godt over snittet enn alle vi samanliknar oss med. Tal som påverkar revisjon og kontroll er antal medlemmer i kontrollutval, antal møter, sekretariat. I tillegg er det revisjonsutgifter til kommunen sin revisor vestland Revisjon.

På politisk styring ligg vi om lag på snittet av kommunegruppa, men over snittet for landet og fylket. Det same gjeld her som for på administrasjon at små kommunar ikkje klarer drive like effektivt som dei store.

Prioritet - Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	-173	352	139	697
Kostragruppe 06	-363	166	-344	-67
Vestland			92	123
Landet uten Oslo	104	140	77	193

Fjaler kommune ligg høgt på utgifter til tilrettelegging og bistand til næringslivet samanlikna med landet, fylket og kommunegruppa. Vi har og ein stor auke frå 2020-2021. Årsaka til at Fjaler ligg høgt er at vi finansierer ei heil stilling i FNU.

Tilskot/ utbetalingar frå næringsfondet vil variere, vi har større utbetalingar frå næringsfondet i 2021 enn kva som var tilfelle i 2020. I tillegg ligg utgifter knytt til tilskot til Visit Fjordkysten inne i 2021, her hadde vi ikkje utgifter i 2020.

Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	666	649	563	583
Kostragruppe 06	580	437	429	481
Vestland			123	128
Landet uten Oslo	128	131	124	135

Fjaler kommune er ein landbukskommune, dette er ein del av forklaringa på kvifor vi ligg langt over snittet for landet og fylket på utgiftsnivå. 2020 ser vi at vi har reduksjon i utgiftene, dette heng saman med at Hyllestad kom inn i samarbeidet.

6 Utfordringar /aktivitetar framover

Framsikt: Fjaler kommune har gått til innkjøp av Framsikt som er eit system der vi digitaliserer den kommunale økonomi- og verksemdstyringa. Framsikt er eit sky basert system og har i samarbeid med fleire norske kommunar etablert ein ny standard for digital budsjettering og verksemdstyring. Systemet er utvikla for gi ein heilskapleg prosesstøtte gjennom kommunen sitt årshjul for økonomiplanlegging og

styring. Vidare vil det forenkle prosessar mellom kommunedirektør, økonomiavdeling, leiarar og Politikarar.

Framsikt vil erstatte budsjettmodulen som kommunen brukar, i tillegg vil vi få meir funksjonalitet enn kva vi har i dag. I denne løysinga vil vi kunne produsere alle kommunale planar og handlingsdelane vil enkelt kunne innarbeidast i økonomiplanen. Vidare vil strategiske val, satsingsområder, bærekraftsmål og prioriteringar frå samfunnsdelen verte synleggjort. Seinare vil ein då kunne rapportere på dette i Framsikt rapportering. Dette vil forenkle arbeidsprosessane og det vil bli ein raud tråd i alt vi gjere.

Dette vi krevje mykje frå leiarane og ein del administrative ressursar. Vi startar i februar-22 med å bygge opp systemet – budsjett for 2023 skal utarbeidast i ny løysing.

Office 365: Alle på administrativ sone skal over på office 365 og ta i bruk teams som telefon og møteplattform. Oppvekstsektoren har leigelisensar og har hatt dette nokre år allereie.

Beredskap: Vi skal ferdigstille den overornda Ros-analysen til kommunen. Denne skal vidare danne grunnlaget for utarbeiding av ny beredskapsplan for kommunen. Dette arbeidet er på etterskot grunna pandemien, men vil bli prioritert i 2022

Andre ting:

- Fjaler kommune sine nye nettsider skal lanserast i 2022

Ny lønspolitisk handlingsplan kjem til handsaming i 2022

9 Kultur og Samfunnsutvikling

1 Om Sektoren

Kulturavdelinga består av kulturkontoret, folkebiblioteket og frivilligsentralen.

2 Økonomi

	2020	2021
Rekneskap	14 806	4 383
Budsjett	14893	4 477
Avvik	-87	-194

Kultur har også dette året eit mindreforbruk. Nokon av dette skuldast mindre aktivitet knytt til covid 19 og noko er utbetaling der utgifta kom i 2020 og inntekta i 2021.

Det ser ut som det har vore ein stor reduksjon i kulturbudsjetten dersom ein samanliknar med 2020. Dette grunnast at forskottering av tilskot, spelemidlar og moms til kaldhall vart ført i 2020.

3 Arbeidsgjavar

3.1 Årsverk

Kultureininga har 3 årsverk og alle er i fulle stillingar. Dette har vore stabilt i mange år. Frå 2022 vert dette endra ved at ein også har tatt inn folkehelse og samfunnsutvikling inn i eininga.

Dagleg leiar skal lysast ut i 2022 og vi har god tru på at dette vil vera ei attraktiv stilling med mange søkerar

3.2 Sjukefråver

Grunna lita eining så har vi ikkje eigne tal – det ligg under administrasjon.

4. Tenestene

Sjå eiga årsmelding for Frivilligsentralen.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vart vedteken desember 2021. Den vert fulgt opp med tiltak og spelemiddelsøknadar.

Kommunedelplan kulturminne kom inn som ny plan for 2020. Denne har vorte fulgt opp og rullert.

Det var mykje færre arrangement å samarbeide om grunna covid 19 men vi fekk gjennomført Dalsfjordveka. Men det vart likevel viktig å ha fokus på det som kunne gjennomførast. TiTur Dalsfjorden var eit viktig tiltak også i 2021. Ulike prosjekt som Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, fritidsaktivitetar for utviklingshemma og lokal transportordning for ungdom vart fulgt opp. Biblioteket har sommarles og nokre arrangement utover fast opningstid.


Oppfølging av Samvirket tar framleis tid sjølv om det no er prosjektleiar frå teknisk kontor knytt til bruksendring. Jakob Sande - senter for forteljekunst har blitt ein viktig kulturaktør både når det gjeld arrangering og prosjektutvikling. Kulturleiar sit i styringsgruppe for denne satsinga.

5 Kostra

Kultur og idrett

	Fjaler 2020	Fjaler 2021	Kostragruppe 06	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet					
Bibliotek nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	295	341	442	314	309
Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	176	175	294	222	251
Kommunale kulturbrygg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	50	57	411	321	319
Kultursektoren, kommune nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	7,5 %	3,4 %	4,0 %	4,0 %	4,1 %

Vi har plukka ut 4 felt som vi kan målast på. Bibliotek, idrett og tilskot til idrettsanlegg, kommunale kulturbrygg og kultursektoren samla.


Prioritet - Bibliotek nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	312	313	295	341
Kostragruppe 06	533	513	415	442
Vestland	294	305	295	309
Landet uten Oslo	220	225	250	250

	2018	2019	2020	2021
Fjaler	312	313	295	341
Kostragruppe 06	533	513	415	442
Vestland			287	314
Landet uten Oslo	294	305	295	309

Kommentar:

På bibliotek ligg ein noko under Kostragruppa og noko over Vestland og landet. Det er brukt meir midlar i 2021 enn tidlegare år. Ein har leigd inn ekstraressurs for å få orden på magasin og samling. Dette vil fortsette nokon i 2022, men framleis innafor budsjett.


Prioritet - Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)

	2018	2019	2020	2021
--	------	------	------	------

Fjaler	183	181	176	175
Kostragruppe 06	196	222	216	294
Vestland			231	222
Landet uten Oslo	225	265	252	251

Kommentar:

Dette gjeld utgifter til Fjalerhallen med uteområde og dansesal/skytehall ved Dingemoen. Vi ligg som forventa noko lågt. Det er sagt at vi i løpet av 2022 skal sjå på ny driftsmodell som kan få påverknad i åra framover.

Prioritet - Kommunale kulturbygg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)


	2018	2019	2020	2021
--	------	------	------	------

Fjaler	3	46	50	57
Kostragruppe 06	317	233	376	411
Vestland			280	321
Landet uten Oslo	278	283	283	319

Kommentar:

Dette er eit område som Fjaler kommune har hatt lite kostnadar på før ein kjøpte Samvirket. Ein ligg likevel veldig lågt i forhold til andre kommunar.

Prioritet - Kultursektoren, kommune nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)



	2018	2019	2020	2021
Fjaler	3,2 %	4,4 %	7,5 %	3,4 %
Kostragruppe 06	3,7 %	3,3 %	3,9 %	4,0 %
Vestland			4,1 %	4,0 %
Landet uten Oslo	3,9 %	4,1 %	4,0 %	4,1 %

Kommentar:

Sett bort frå 2020 der ein førte mykje kostnadars knytt til kaldhallen til Dale IL så ligg ein litt under snitt.

6 Andre nøkkeltal

Norsk kulturindeks er ei årleg oversikt over kulturtildød og kulturaktivitet i norske kommunar, regionar og fylker. Fjaler fekk i 2019 (basert på tal frå 2018) ein rangering som nummer 59 av alle landet sine kommunar. 2017: 66, 2016: 67, 2015: 103.

Etter 2019 er ikkje desse tala offentlege med mindre ein bestiller rapport på dette.

7 Utfordringar fromover

Det er eit stort engasjement rundt kultur både når det gjeld idrett/anleggsutvikling, kulturminne og kulturhus. Godt samarbeid og god kommunikasjon er viktig for å få til ting. Ofte er det ei blanding av frivillig engasjement og offentleg støtte som gjer at ein får til prosjekt. Det er ei utfordring i å både ta vare på det lokale engasjementet og samtidig ikkje sette i gang for mange prosjekt. Prosjekt skal over i ein driftsfase og det er viktig at vi har dette med oss i planlegginga.

Jakob Sande – senter for forteljekunst er i etableringsfasen og jobbar godt med fleire ulike prosjekt. Det vert spennande å sjå korleis dei klarar å etablere seg.

Vi ser også fram til at det vert godkjend bruksendring på Samvirket og at dette kulturhuset kan gå inn i ei drifts- og utviklingsfase.

